



STORD  
KOMMUNE



kristorbyen

# Rådmannen sitt framlegg til budsjett og økonomiplan 2016-2019

## -saman for utvikling og velferd

<b>1. Rådmannen sitt framlegg til budsjettvedtak.....</b>	<b>3</b>	5.3.4 Barnevern .....	35	7.4.2 Netto ramme, OOU-komite, per ansvar og teneste.....	67
<b>2. Innleiing og samandrag .....</b>	<b>5</b>	5.4 Komité for næring, miljø og kultur .....	36	7.4.3 Netto ramme, NMK-komite, per ansvar og teneste.....	72
2.1 Budsjettprosess .....	8	5.4.1 Kulturtenester.....	36	7.4.4 Netto ramme, RHO-komite, per ansvar og teneste.....	74
<b>3. Rammevilkår, overordna styringssignal og føresetnader .....</b>	<b>9</b>	5.4.2 Idrett og friluftsliv.....	37	7.4.5 Budsjett per teneste .....	77
3.1 Overordna analyse .....	10	5.4.3 Bibliotek .....	37	7.5 Budsjettskjema 2A investering.....	91
3.1.1 Demografi og kommuneøkonomi .....	10	5.4.4 Brann, redning og feiing.....	38	7.6 Hovudoversikt investering .....	92
3.1.2 Overordna kostra-analyse .....	14	5.4.5 Beredskap.....	38	7.7 Spesifikasjon investering, Stord kommune .....	94
3.2 Økonomiske føresetnader .....	15	5.4.6 Landbruk, miljø og næring.....	39	7.8 Spesifikasjon investering, Stord kommunale eigedom KF .....	101
3.2.1 Frie inntekter.....	15	5.4.7 Sunnhordland lufthamn AS.....	39	7.9 Spesifikasjon investering i Stord vatn og avlaup KF .....	106
3.2.2 Skjønsmidlar.....	16	5.4.8 Regulering, byggjesak, oppmåling.....	40	7.10 Samla investeringsramme Stord kommune inkl. føretak .....	114
3.2.3 Momskompensasjon .....	16	5.4.9 Fagavdeling for veg, trafikk og parkering (VTP) ...	41	7.11 Spesifikasjon låneportefølje.....	118
3.2.4 Asylmottak, mottak flyktningar .....	17	5.5 Komité for rehabilitering, helse og omsorg .....	42	7.12 Oversyn over eigedomar som har fått fritak etter § 7 i eigedomsskattelova .....	122
3.2.5 Ressurskrevjande tenestemottakarar .....	17	5.5.1 Sosialtenester, NAV.....	46	<b>8. Betalingssatsar .....</b>	<b>124</b>
3.2.6 Rente og avdragskompensasjon .....	17	5.5.2 Sosial og førebyggjande tenester.....	46	<b>9. Vedlegg .....</b>	<b>163</b>
3.2.7 Lønsvekst og pensjonskostnad .....	18	5.5.3 Habilitering .....	47	9.1 Framlegg til årsbudsjett for SKE KF for 2016 .....	164
3.3 Eigedomsskatt .....	19	5.5.4 Institusjonsdrift.....	47	9.1.1 Taldel .....	165
3.4 Konsekvensjustert drifts- og investeringsbudsjett 2019-2025 .....	19	5.5.5 Aktivitet og rehabilitering .....	47	9.2 Stord vatn og avlaup (VAR) .....	168
<b>4. Målstyring .....</b>	<b>20</b>	5.5.6 Heimebaserte tenester.....	47	9.2.1 Kommunale eigedomsgebyr 2016 .....	178
4.1 Overordna målekart for Stord kommune .....	21	5.5.7 Kundetorget .....	47	9.3 Kontrollutvalet .....	180
<b>5. Budsjettområda, drift og investeringar .....</b>	<b>23</b>	5.5.8 Bustader for personar med særskilte behov .....	48	9.3.1 Taldel.....	183
5.1 Formannskapet.....	25	5.5.9 Legetenesta.....	48	9.4 Stord kyrkjelege fellesråd – innspel til driftsbudsjettet .....	184
5.1.1 Politisk .....	25	5.5.10 Interkommunale akutte døgnseger .....	48	9.4.1 Stord kyrkjelege fellesråd – innspel til ivestingsbudsjettet.....	186
5.1.2 Administrasjon, fellesutgifter .....	25	5.6 Kommunale føretak.....	49	9.4.2 Taldel – drift .....	187
5.1.3 IKT.....	25	5.6.1 Stord kommunale eigedom KF (SKE KF) .....	49	9.4.3 Taldel - investering .....	196
5.1.4 Folkehelse .....	26	5.6.2 Stord vatn og avlaup KF (SVA KF) .....	50	9.4.4 Situasjonsrapport pr. 1. august 2015.....	197
5.1.5 Overordna planlegging, kommunal planstrategi ..	27	<b>6. Finans, avgifter, betalingssatsar .....</b>	<b>51</b>		
5.1.6 Kyrkjeleg fellesråd .....	27	6.1 Gebyr og betalingssatsar.....	52		
5.2 Driftsstyret .....	28	6.2 Finansinntekter og –utgifter, lånegjeld.....	52		
5.2.1 «Prosjekt arealeffektivisering» .....	28	<b>7. Tabellar .....</b>	<b>54</b>		
5.3 Komité for oppvekst og utdanning .....	29	7.1 Budsjettskjema 1A drift .....	55		
5.3.1 Skule, SFO.....	30	7.2 Hovudoversikt drift .....	59		
5.3.2 Barnehagar .....	33	7.3 Netto ramme, fordelt einingsvis .....	62		
5.3.3 Kulturskulen .....	34	7.4.1 Netto ramme, formannskap, per ansvar og teneste .....	64		

# 1. Rådmannen sitt framlegg til budsjettvedtak

1. Kommunestyret vedtek budsjett og økonomiplan for åra 2016-2019 med desse endringane:  
...
2. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
3. a) I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 bokstav a) skal følgjande utskrivingsalternativ for eigedomsskatt nyttast for skatteåret 2016: Eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen.  
b) Skattesatsen vert sett til 2 ‰ av omsetnadsverdien for bustader og fritidseigedomar. Skattesatsen vert sett til 4 ‰ av omsetnadsverdien for verk og bruk, annan nærings eigedom og ubebygd grunneigedom.  
c) I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav a) opnar kommunestyret for fritak av eigedomar som er eigde av stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten. Eigedomar som kvalifiserar for fritak etter bestemmelsen og som er eigde av idrettslag, ungdomslag, bedehuslag og liknande skal ha fritak for eigedomsskatt i Stord kommune. Sakkunnig nemnd legg fram oversyn over kva eigedomar dette kan gjelda. I tillegg kan eigedom tilhøyrande andre stiftingar/organisasjonar bli vurdert fritekne av kommunestyre på grunnlag av søknad.  
Dei eigedomar som tidlegare år er innvilga fritak for eigedomsskatt av kommunestyret i medhald av eigedomsskattelova § 7 (sjå vedlegg 7.12), skal ha fritak for eigedomsskatt også i 2016.  
d) Eigedomsskatten skal betalast i fire terminar.  
e) Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter.  
f) Botnfrådrag vert for 2016 sett til kr 400 000.

4. Kommunestyret vedtek å ta opp inntil 332 291 000 kr i lån i 2016 som serielån.

Låneopptaket er fordelt slik:

Startlån til vidare utlån, inntil	kr 30 000 000
Lån til investering i vatn og avlaup	kr 150 300 000
Andre lån	kr 151 991 000

Lånegjelda skal nedbetalast med minimumsavdrag.

Kommunestyret vedtek at låneporteføljen til Stord kommune, og alle lån i porteføljen (sjå vedlegg 7.11) kan refinansierast i inneverande år og i budsjettåret. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opphavleg vedtak.

5. Kommunestyret vedtek satsar for gebyr og avgifter med verknad frå 1. januar 2016 slik det går fram av eige hefte "Betalingssatsar for Stord kommune" for:
  - Kommunale eigedomsavgifter
  - Gebyr for regulerings-, byggesaks-, og oppmålingshandtering
  - Betalingssatsar for feiing og tilsyn
6. Kommunestyret fastset slike førebels tilskotssatsar for 2016 til private barnehagar i Stord kommune:

Ordinære barnehagar:

Små born/full plass	kr 181 637
Store born/full plass	kr 80 033

Satsar for familiebarnehagar og refusjon kapitalkostnader skal vera tilsvarende retningsgjevande satsar frå departementet.

7. Stord kommune vil i 2016 busetta 42 flyktningar. Familiesameiningar kjem i tillegg.

# 1. Rådmannen sitt framlegg til budsjettvedtak

8. Det vert for 2016 fordelt driftstilskot/-støtte til kultur- og idrettsorganisasjonar m.m. slik:

Sunnhordland museum	kr 610 000
Friluftsrådet vest	kr 310 000
Stord idrettspark AS	kr 800 000
Frivilligsentralen	kr 378 000
Stord sogelag	kr 10 000
Sunnhordland kammerorkester	kr 25 000
Falturiltu barnebokfestival	kr 100 000
Gards- og ættesoge	kr 75 000

Komité for næring, miljø og kultur får fullmakt til å disponera løyving på kr 250 000 til kulturføremål.

Stord kommune løyver følgjande tilskot over 2016-budsjettet i til samarbeidstiltak og næringsføremål:

Hordaland olje og gass, driftstilskot	kr 50 000
Haukelivegen AS, driftstilskot	kr 37 500
Samarbeidsrådet for Sunnhordland	kr 568 800
Samarbeidsrådet, reiselivssatsinga	kr 227 400
Medlemskontingent Stord næringsråd	kr 30 000
Atheno AS, Maritim industriinkubator	kr 150 000
Atheno AS, Ungt entreprenørskap	kr 65 000
Liv og lyst Litlabø	kr 30 000
Kjøp av førstelinetenester for næringsetabl.	kr 150 000

Komité for næring, miljø og kultur får i tillegg fullmakt til å disponera løyving på kr 100 000 til næringsføremål.

9. Kommunestyret vedtek budsjettframlegget frå Stord vatn og avlaup KF slik det ligg føre.

10. Kommunestyret vedtek budsjett for Stord kommunale eigedom KF slik det går fram av rådmannen sine kommentarar til budsjettet, avsnitt 5.6.1.

## 2. Innleiing og samandrag

2.1 Budsjettprosess ..... 8

## 2. Innleiing og samandrag

Rådmannen sitt framlegg til budsjett og økonomiplan for åra 2016-2019 byggjer på gjeldande økonomiplan, budsjettrevisjon for første tertial og utviklinga elles i 2015, og regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2016. Budsjettforslaget har ein auke i frie inntekter (skatt og rammetilskot) på 39,8 mill. kr eller 4,5 prosent frå 2015. Auka kostnader til løn og pensjon utgjer nær 27 mill. kr, og kommunen er venta å få nær 9 mill. kr i kostnader som følgje av auka folketal og endra alderssamansetnad. Overføringane til private barnehagar aukar t.d. med 7,3 mill. kr.

I samband med at rekneskapan for 2014 vart godkjent var Stord kommune også ute av ROBEK, register for betinga kontroll. Hovudoppgåva dei siste åra har vore å redusera kostnader og samstundes halda oppe tenestenivået. Ein meiner å langt på veg ha lukkast med dette, men kommunen har enno økonomiske utfordringar. Sjølv om kostnadene langt på veg er tilpassa inntektene, så er det knappe marginar på driftsbudsjetta og ikkje minst i høve til dei utgiftene ein veit vil koma først og fremst som følgje av auka behov for pleie- og omsorgstenester.

Budsjettforslaget har for 2016 ei investeringsramme på 411 mill. kr og brutto driftsutgifter på 1,192 mrd. kr. Tenesteytinga er i all i hovudsak vidareført på 2015-nivå. Fleire einingar har likevel fått reduserte rammer eller er berre delvis kompensert for prisauke. Budsjettframlegget må karakteriserast som stramt.

Kommunestyret innførte full eigedomsskatt frå og med 2013. I vedtaket heiter det at skatten skal nyttast til nedbetaling av oppsamla underskot og sidan

til investering i skulebygg og institusjonsplassar. Rådmannen sitt forslag til budsjett og økonomiplan følgjer opp dette, og budsjettet vert lagt fram med eit overskot på 38,6 mill. kr, tilsvarande 3 prosent av brutto driftsbudsjett. anbefalt driftsresultat er 2 prosent. Overskotet er foreslått disponert til finansiering av investeringar.

Budsjettforslaget legg opp til at ny Stord ungdomsskule skal vera klar frå hausten 2017. Prosjektet ligg inne med ei investeringsramme på 204,4 mill. kr. Det skal i februar 2016 leggjast fram ein forstudie nybygg/rehabilitering av Nysæter ungdomsskule og fleirbrukshall. Elevressursen i Stordskulen er auka med 2,7 prosent eller 0,5 mill. kr. Delingstala er 30 for ungdomssteget og 28 for barnesteget. Øyremerka midlar til auka lærartettleik gjer likevel at delingstalet for 1.-4. steg kan reduserast til 24.

Litlabø skule er budsjettert som femdelt våren 2016 og seksdelt hausten 2016 i budsjettforslaget. Vedtaket om at sjølvkostprinsippet skal gjelda for SFO er følgt opp og foreldrebetalinga er foreslått redusert med kr 100 per månad for full plass. Symjeopplæringa er vidareført som i 2015. Budsjettet for spesialundervisning tek ikkje høgde for nye større tiltak.

Stord kommune har full barnehagedekning ved at alle som har rett til plass får eit tilbod. Statsbudsjettet sitt forslag om fullfinansiering av private barnehagar er følgt opp i budsjettframlegget, det er budsjettert med 118,5 mill. kr i overføring til private barnehagar.

Tal på elevplassar i Stord kulturskule vil venteleg passera 860 i 2016, noko som i så fall inneber 100 fleire plassar enn i 2015. Eigenbetalinga er foreslått auka med om lag 2,7 prosent.

Kapasiteten i barnevernet er auka dei seinare åra, finansiert med statstilskot. Rammene har likevel vore knappe, Bufetat har stramma inn på refusjonsordningar, og kommunen sine eigendelar har auka. Barnevernet fekk i fjor auka rammene med 4,9 mill. kr. Prognosen for 2015 tilseier likevel eit avvik på 3,8 mill. kr. I 2016-forslaget er rammene auka med ytterlegare 4,5 mill. kr. Ein har med det tatt høgde for dagens tenesteyting.

Driftsbudsjetta innanfor næring, miljø og kultur i er i hovudsak vidareført på dagens nivå. Vedtekne planar for opprustinga av både Kulturhuset og anlegga på Vikahaugane er følgte opp. Til saman er det framlegg om 4,7 mill. kr over investeringsbudsjettet i 2016 til desse to anlegga. Tursti rundt Ådlandsvatnet ligg inn med ei samla ramme på 25,7 mill. kr. Det ligg inne løyvingar til rackethallen i 2016 og 2017 med 13,1 mill. kr. Det endelege omfanget av prosjektet skal definerast i samarbeid med Hordaland fylkeskommune, som er ein stor brukar av hallen.

Det er teke høgde for nytt flygel i kulturhuset og lendingsplass på Fyrøyo i 2016. Det er ikkje lagt inn tilskot til Venelaget for Gruo, som har søkt om kr 490 000 til innvendig reparasjon av heistårnet. Det er lagt inn til saman 4,1 mill. kr til vidareføring av prosjekta i Vidsteenparken og på Torget. Hordaland fylkeskommune er søkt om å bidra med 4 mill. kr til prosjektet.

## 2. Innleiing og samandrag

Kommuneplanen skal rullerast i 2016. Det er forslag om å auka stillinga som kommuneplanleggjar til 100 prosent stilling. Løyvinga til overordna planarbeid er endå i knappaste laget, men er auka med kr 200 000 til kr 500 000. Det er lagt inn kr 150 000 til vidareføring av sykkelbyprosjektet. Hovudplan veg og Kommunedelplan for trafikksikring vert følgt opp med løyvingar på 5,8 mill. kr.

Inntaket av lærlingar er i 2016 føreslått til 15, mot 18 i 2015. Det vert i eit eige prosjekt lagt opp til å vidareutdanna ufaglærte tilsette til helsearbeidarar.

Ein tek sikte på å setja i drift fem av totalt 40 nye sjukeheims plassar i 2017. Det er i tillegg sett av 51 mill. kr til rehabilitering av den eldste delen av Stord sjukeheim i slutten av perioden. Det vert lagt opp til vidare utprøving av velferdsteknologi, og det vert satsa på førebyggjande arbeid med heimerehabilitering og – besøk. Stord kommune driv også førebyggjande arbeid gjennom Frisklivssentralen og som MOT-kommune.

Det vert lagt opp til ein yttelegare auke i mottaket av flyktningar, til 42 pluss familiesameiningar i 2016.

NAV vil m.a. prioritera tiltak retta mot ungdom, der utviklinga i arbeidsmarknaden tilseier at omfanget vil auka. Gjennom «Springbrettet» har NAV eit tydelegare arbeidsretta fokus, og set vilkår til aktivitet for stønad.

Budsjettforslaget legg opp til at Stord kommune også i det vidare skal nytta relativt store ressursar til arbeid retta mot rusmisbrukarar. Løyvingane til Probis, Maris,

Hamna kontaktsenter, SLT og Kirkens bymisjon er i hovudsak vidareført som i 2015.

Fem av dei 14 plassane ved Rehabiliteringssenteret er sett av til rehabiliteringsopphald, dei øvrige fungerer som institusjons plassar. Det er funne rom for å styrka bemanninga på natt ved senteret. Det er forslått 4,1 mill. kr for å flytta PPT frå SKE-bygget i sentrum til det tidlegare legesenteret i Myro. Med det vil tilhøva endeleg liggja til rette for samlokalisering av dei heimebaserte tenestene.

Rammene for Startlån er føreslått auka med fem mill. kr til 30 mill. kr. Det er lagt inn 26 mill. kr til bustader for personar med særlege behov. Ved ein enkel ombygging i Åkervikårsen vil ein oppnå ei effektivisering av heildøgns tilbodet. Det er lagt inn driftsmidlar til dei interkommunale akutte døgn sengene – KAD – frå november 2016.

Det er budsjettet med 2,2 mill. kr i auka vedlikehald, inklusive dei nær 1,8 mill. som låg i tiltakspakka frå regjeringa. Stord vatn og avlaup KF legg fram eit omfattande investeringsbudsjett der det særleg skal gjerast arbeid med rehabilitering av røyr- og leidningsnett. Det er ikkje lagt opp til å auka avgiftene for vatn, avlaup og renovasjon.

Driftstilskotet til Kyrkjeleg fellesråd er auka med 2,7 prosent i høve til 2015. Det er lagt inn løyvingar til ferdigstilling av Nysæter gravplass og til planlegging og gjennomføring av prosesjonsveg til gravplassen i Frugarden.

Rådmannen legg også fram ei skisse til eit ti-års investeringsprogram, til og med 2025. Skissa tek utgangspunkt i forslag til økonomiplan og vedtekne sektorplanar. Stord kommune står framføre eit stort investeringsprogram. Behova er særleg store innanfor skule og pleie og omsorg. Lånegjelda vil fortsatt auka, og skissa viser at auka kapital- og driftskostnader vil gje utfordringar for driftsbalansen frametter.



## 2.1 Budsjettprosess

Det er lagt opp til slik handsaming av budsjett og økonomiplan 2016-19

Aktivitet:	Tidspunkt
Rådmannen legg fram sitt budsjettforslag	26. oktober
Formannskapet legg budsjettet ut til alminneleg ettersyn, jf. kommunelova § 45	11. november
Budsjettthøyringar i komiteane	17.-19. november
Kommunestyret vedtek budsjett og økonomiplan	26. november
Komiteane handsamar detaljbudsjett	8.-10. desember

Prosessen og sjølve budsjettdokumentet er lagt opp i samsvar med etablert praksis og kommunen sitt økonomireglement, vedteke i kommunestyret i sak 65/12. Etter dette har kommunestyret slikt ansvar og mynde i budsjettsaker:

1. Kommunestyret skal innan utgangen av året i samsvar med kommunelova vedta årsbudsjettet for komande kalenderår og ein økonomiplan for dei tre påfølgjande budsjettåra.
2. Kommunestyret vedtek skatteanslag, rammetilskot, statlege overføringar, andre overføringar, netto avsetningar og finansinntekter og -utgifter. Kommunestyret fastset avgifter og prisar på varer og tenester når slik vedtaksrett ligg til kommunestyret etter lov eller føresegnar.
3. Kommunestyret fastset internhusleige til Stord kommunale eigedom KF og vedtek overføringa til Stord kommune, samt overføring til grøntavdelinga spesifisert etter ansvar og tenesteområde. Kommunestyret vedtek nettoramme drift i samsvar

med budsjettskjema 1A, fordelt på formannskapet, komiteane og Stord vatn og avlaup KF, spesifisert etter ansvar og tenesteområde.

4. Kommunestyret vedtek investeringsbudsjettet som hovudregel per investeringsprosjekt i samsvar med budsjettskjema 2A og 2B.
5. Kommunestyret vedtek føretaka sine økonomiplanar og budsjett, inklusive investeringar, betalingssatsar og avgifter.

Rådmannen skal etter same reglement utarbeida eit samla framlegg til økonomiplan og budsjett som grunnlag for kommunestyret si behandling. Budsjettet skal vera realistisk, fullstendig og i balanse. Driftsbudsjettet skal angi netto driftsramme pr. komité og tenesteområde. Rådmannen sitt framlegg skal byggja på vedteken økonomiplan og andre føresetnader vedteke av kommunestyret, og vera konsekvensvurdert i høve endra føresetnader og vilkår. Komiteane skal i sin tur fordela nettorammer drift i vedteke rammebudsjett på dei ulike resultateiningane innanfor sine ansvarsområde.



## 3. Rammevilkår, overordna styringssignal og føresetnader

3.1 Overordna analyse .....	10	3.2.4 Asylmottak, mottak flyktningar .....	17
3.1.1 Demografi og kommuneøkonomi.....	10	3.2.5 Ressurskrevjande tenestemottakarar .....	17
3.1.2 Overordna kostra-analyse .....	14	3.2.6 Rente og avdragskompensasjon .....	17
3.2 Økonomiske føresetnader .....	15	3.2.7 Lønsvekst og pensjonskostnad .....	18
3.2.1 Frie inntekter .....	15	3.3 Eigedomsskatt .....	19
3.2.2 Skjønsmidler .....	16	3.4 Konsekvensjustert og drifts- og	
3.2.3 Momskompensasjon.....	16	investeringsbudsjett 2019-2025.....	19

# 3. Rammevilkår, overordna styringssignal og føresetnader

## 3.1 OVERORDNA ANALYSE


### 3.1.1 Demografi og kommuneøkonomi

Kommunen har ansvar for m.a. barnehagar, grunnskule og pleie- og omsorgstenester. Dette er tenester som i hovudsak er retta mot bestemte aldersgrupper. Utgiftene til kommunen vert difor påverka av samansettinga og utviklinga innanfor desse gruppene og utviklinga i folketal – den demografiske utviklinga.

Ved årsskiftet 2014-15 var det 18 685 innbyggjarar i Stord kommune. Det er 260 fleire enn året før, og tilsvarande ein vekst på 1,4 prosent. Veksten kjem av eit fødselsoverskot (140) og netto innvandring (156). Netto innanlands flytting er negativ, med -32. Polakkar utgjør den største nasjonaliteten utanom nordmenn i Stord kommune med 417 innbyggjarar, etter det kjem Litauen (111 innbyggjarar).

Ifølgje Statistisk sentralbyrå (SSB) vil folketalet i Stord auka med 3 650 personar eller 19,5 prosent fram mot 2030. Den framskrivne veksten er større enn for fylket (17,4 %) og for landet (15,1 %).

Det var 252 fødselar i Stord kommune i 2014. Det var 50 fleire enn året før og 20 fleire enn det som har vore gjennomsnittet dei siste fire åra. Stord har enno ein noko yngre befolkning enn landet elles. Stordabuen vart likevel i gjennomsnitt 0,2 år eller 54 dagar eldre frå 2013 til 2014.





Figur 1. Befolkningsutvikling 2000-30, indeksert slik at nivået i 2000=100. Kilde: SSB

<sup>2</sup> Faktisk utvikling 2000-2014 vidareført.

### Prosentdel av innbyggjarane i ulike aldersgrupper 1.1.2015 (kjelde SSB)

	STORD	HORDALAND	LANDET
0-5 år	8,2	7,6	7,2
6-15 år	13,5	12,3	12,0
16-66 år	65,7	66,8	66,7
67-79 år	9,0	9,1	9,7
80-89 år	3,0	3,4	3,4
90 år og eldre	0,6	0,9	0,8
0-66 år	87,4	86,6	86,0
67 år og eldre	12,6	13,4	14,0

Kommunen er venta å få vekst i dei yngste aldersgruppene dei neste åra. Den største veksten kjem likevel blant eldre innbyggjarar; aldersgruppa 67-79 år vil auka heller kraftig dei neste åra. For aldersgruppa 80-89 år er det venta ein svak vekst dei næraste åra og ein kraftig vekst etter 2020. Også tal personar over 90 år er venta å auka.



**Framskriving av folketalet i Stord kommune, økonomiplanperioden 2016-2019 fordelt på aldersgrupper (kjelde SSB)**

	2015	2016	2017	2018	2019
0-5 år	1 535	1 506	1 498	1 534	1 563
6-15 år	2 520	2 575	2 596	2 637	2 654
16-66 år	12 272	12 443	12 572	12 679	12 809
67-79 år	1 675	1 733	1 832	1 899	1 950
80-89 år	567	572	589	587	608
90 år og eldre	116	118	120	129	134
<b>Sum</b>	<b>18 685</b>	<b>18 947</b>	<b>19 207</b>	<b>19 456</b>	<b>19 718</b>

Folketalsutviklinga og alderssamansettinga har stor innverknad på dei statlege overføringane til kommunen. Meininga er at rammetilskotet skal reflektera at dei ulike aldersgruppene ikkje kostar kommunekassa det same. Yrkesaktive klarar seg stort sett sjølve, medan dei yngste skal ha skule- eller barnehageplass. Dei eldste skal ha tilbod om omsorgstenester.

På bakgrunn av SSB sine framskrivingar for 2015 er det berekna at Stord kommune kan få meirutgifter på om lag 9 mill. kr i 2016. Veksten i alle aldersgrupper trekker i retning av auka utgifter for kommunen.

I økonomiplanperioden 2016-2019 er kommunen venta å få auka utgifter som følgje av demografiske endringar med i underkant av 60 mill. kr. Fleire born og unge trekker i retning av auka utgifter til barnehage og grunnskule, fleire eldre trekker i retning av auka utgifter til pleie- og omsorgstenester.

**Stord kommune. Berekna meir-/mindreutgifter knytt til den demografiske utviklinga i økonomiplanperioden 2016-2019, faste 1000 2015-kr (kjelde SSB/TBU)**

	2016	2017	2018	2019	2016-2019
0-5 år	-7 049	-1 803	4 973	3 908	29
6-15 år	8 279	3 161	6 171	2 559	20 170
16-18 år	-4 820	1 257	-4 191	-1 676	-9 430
19-66 år	3 118	2 474	1 821	2 291	9 705
67-79 år	2 971	5 071	3 432	2 612	14 086
80-89 år	801	2 723	-320	3 364	6 567
90 år og eldre	819	819	3 685	2 047	7 369
<b>Sum</b>	<b>4 119</b>	<b>13 702</b>	<b>15 571</b>	<b>15 105</b>	<b>48 497</b>
<b>Sum ekskl. 16-18 år</b>	<b>8 938</b>	<b>12 445</b>	<b>19 762</b>	<b>16 782</b>	<b>57 927</b>

### 3.1.2 KOSTRA- og effektivitetsanalyse

Telemarksforsking har berekna at Stord kommune driv om lag 37 mill. kr billegare enn landsgjennomsnitt på dei tenesteområda som inngår i inntektssystemet. Men då er det ikkje teke omsyn til at kommunen også har eit lågare berekna utgiftsbehov. Det er rekna til 1,8 prosent lågare enn «gjennomsnittskommunen», og reduserer kommunen sitt «mindreforbruk» til 18,2 mill. kr. Når ein i tillegg justerer for at kommunen har mindre inntekter enn landsgjennomsnittet (98 prosent, tilsvarende om lag 18,5 mill. kr), har kommunen likevel eit samla meirforbruk på rundt 300 000 kr (sjå tabell under).

#### Stord kommune. Ressursbruk/prioritering sett i samanheng med berekna utgiftsbehov. 2014. (kjelde KOSTRA konsern, KMD, berekningar utført av Telemarksforsking)

	BEREGNET UTGIFTS- BEHOV 2014	NETTO DRIFTSUTGIFTER 2014			MER-/MINDREUTGIFT IFT.	
		Stord kommune kr pr innb	Lands-gjennomsnitt kr pr innb	Stord "normert nivå" kr pr innb	Lands-gjennomsnittet 1000 kr	"Normert utgiftsnivå" 1000 kr
Barnehage	1,0427	8 068	7 883	8 220	3 473	-2 823
Administrasjon	0,9368	3 135	4 004	3 751	-16 245	-11 519
Grunnskole	1,1029	12 590	12 169	13 421	7 871	-15 522
Pleie og omsorg	0,8843	14 987	16 045	14 188	-19 776	14 922
Kommunehelse	0,9622	2 265	2 285	2 199	-384	1 231
Barnevern	1,0031	1 576	1 746	1 752	-3 184	-3 286
Sosialhjelp	0,8124	1 693	2 160	1 755	-8 727	-1 155
<b>Sum</b>	<b>0,9822</b>				<b>-36 973</b>	<b>-18 152</b>
<b>Sum inntektsjust.</b>						<b>298</b>

Ein kan etter dette seia at kommunen sine utgifter er tilpassa inntektene. Her har det vore ei positiv utvikling dei siste tre åra; i 2012 hadde kommunen eit «overforbruk» på 31 mill. kr når ein tok omsyn til både utgiftsbehov og inntektsnivå. I 2013 var dette redusert til nær 12 mill. kr, medan det i 2014 altså var tilnærma balanse mellom utgifter og inntekter.

### 3.2 ØKONOMISKE FØRESETNADER

Økonomiplanen og årsbudsjettet er sett opp etter dei rammeføresetnadene som vart gjeve sentralt gjennom kommuneproposisjonen i juni og regjeringa sitt forslag til statsbudsjett.

#### 3.2.1 Frie inntekter

Frie inntekter består av rammetilskot, skatteinntekter, momskompensasjon og andre ikkje øyremerka statlige tilskot. Regjeringa reknar i framlegget til statsbudsjett med ein nominell skatteauke frå 2015 til 2016 på 7,4 prosent. Det kommunale skatteøyret vert auka til 11,8 prosent i 2016, som følgje av at kommunane sin del av skatteinntektene vart reduserte i 2015. Regjeringa har ei målsetting om at skatt skal utgjera 40 prosent av kommunane sine inntekter.

Den samla kostnadsveksten (deflatoren) er i forslag til statsbudsjett rekna til 2,7 prosent. Lønsveksten er også pårekna til 2,7 prosent.

Pårekna skatteinntekter og inntektsutjamning byggjer på kommunane sin reelle skatteinngang i 2014, justert for berekna utvikling i 2015 og 2016. I brev frå Fylkesmannen i Hordaland av 7.10.2015 heiter det m.a.:

«I berekning av skatteprognose for 2016 er det justert for same endring i prosent i høve til rekneskap 2014 for alle kommunane uavhengig av den lokale utviklinga i kvar kommune etter 2014. Denne skatteprognosen er nytta som grunnlag for pårekna inntektsutjamning.

Kommunane må justera for lokale tilhøve knytte til skatteutviklinga. Folketalsutviklinga fram til 01.01.2016 vil dessutan påverka inntektsutjamninga i rammeoverføring. (...)

#### Enkeltelementa i frie inntekter (skatt og rammetilskot), 1000 kr

	2015	2016	2017	2018	2019
Innbyggartilskot	416 630	424 691	443 844	462 430	476 684
Utgiftsutjamning	-9 108	-12 635	-13 338	-13 986	-14 498
Overgangs- og nyordningar (INGAR)	-1 178	-1 073	-1 073	-1 073	-1 073
Særskilt fordeling	1 720	2 891	2 891	2 891	2 891
Ordinært skjønn	1 900	2 000	2 000	2 000	2 000
Skjønn - tap endringar av inntektssystemet	700	700	700	700	700
Endring saldert budsjett 2015	-468				
Revidert nasjonalbudsjett	3 721				
<b>Sum rammetilskot ekskl. inntektsutjamning</b>	<b>413 917</b>	<b>416 574</b>	<b>435 024</b>	<b>452 962</b>	<b>466 704</b>
Netto inntektsutjamning	405	1 021	1 064	1 101	1 132
Sum rammetilskot	414 321	417 595	436 088	454 063	467 836
Skatt på inntekt og formue, vårt anslag	476 267	512 854	534 459	553 231	568 461
<b>Sum frie inntekter, avrunda, ekskl. eigedomsskatt</b>	<b>890 600</b>	<b>930 400</b>	<b>970 500</b>	<b>1 007 300</b>	<b>1 036 300</b>
Eigedomsskatt	39 776	39 776	39 776	39 776	39 776
<b>Sum frie inntekter, avrunda inkl. eigedomsskatt</b>	<b>930 400</b>	<b>970 200</b>	<b>1 010 300</b>	<b>1 047 100</b>	<b>1 076 100</b>
Endring i dei frie inntektene ekskl. eigedomsskatt (%)	3,4	4,5	4,3	3,8	2,9
Endring i dei frie inntektene (%) inkl. eigedomsskatt	3,2	4,3	4,1	3,6	2,8
Endring i dei frie inntektene (%) korrigerert for eigedomsskatt	1,4	2,8	3,2	2,8	2,7

Endra kriteriedata, til dømes talet på psykisk utviklingshemma eller eldre, og befolkning er særleg viktig.»



Budsjettforslaget bygger på kommunen sin skatteinngang dei tre siste åra og utviklinga i 2015. Framlegget er utarbeida på bakgrunn av KS sin prognosemodell og legg til grunn ei skatteinntekt på kr 512 854 000 i 2016. Det inneber ei forventning om at Stord kommune får ei skatteinntekt som ligg på 97,7 prosent av landsgjennomsnittet og ein nominell vekst i dei frie inntektene frå 2015 til 2016 på 4,5 prosent.

Ved berekning av frie inntekter i økonomiplanperioden er det lagt til grunn ein realvekst på 4,3 prosent, 3,8 prosent og 2,9 prosent i perioden 2017-2019. Det byggjer på SSB sine prognosar for befolkningsendring og dei endringane i rammetilskot som skuldast omlegging av inntektssystemet.

Ifølgje regjeringa sitt budsjettforslag er det lagt opp til ein realvekst, altså at løns- og prisjustering kjem i tillegg, i dei frie inntektene for kommunane på 4,2 mrd. kr. Innanfor denne inntektsauken er det venta at kommunane finansierer:

- Pårekna meirutgifter som følgje av befolkningsutviklinga (demografi) med 1,7 mrd. kr.
- Auka pensjonskostnader ut over venta kostnadsutvikling, 0,8 mrd.
- Satsingsområde innanfor rusomsorg (400 mill.), helsestasjonar og skulehelsetenesta (200 mill.), og fleksible barnehageopptak (400 mill.).

### 3.2.2 Skjønsmidler

Fylkesmannen har tildelt kommunen 2 mill. kr. i skjønstilskot for 2016, mot 1,9 mill. kr. i 2015. Fylkesmannen grunngjev tildelinga slik:

«Kommunen sitt attståande rekneskapsunderskot vart dekt inn i årsrekneskapan for 2014.

- Kommunen er eit regionsenter og har stor innpendling av både arbeidstakarar til dei store verksendene og av studentar til høgskulen. Med mange mellombels busette i kommunen blir det eit stort press på bustadmarknaden, som blant anna fører til at sosialtenesta får vanskar med å skaffa bustad til vanskelegstilte på leigemarknaden.
- Kommunen har høge utgifter til rusomsorga. Det skuldast at relativt mange personar med rusproblem oppheld seg i kommunen. Det fører til auka kostnader for kommunen til blant anna å skaffa bustad og til sosialhjelp.
- Kommunen har eit stort udekt investeringsbehov. Dette omfattar både institusjonsplassar, skulebygg og gravplass. Det er etterslep på bygningsvedlikehald og behov for å utbetre kommunen si bygningsmasse.
- Kommunen innførte i 2012 eigedomsskatt på verk og bruk. Eigedomsskatten er i 2013 utvida til også bustader og fritidseigedomar.»

### 3.2.3 Momskompensasjon

Momskompensasjonsordninga vart innført frå og med 2004. Kommunen får refundert moms på kjøp av varer og tenester. Føremålet med innføring av ordninga var å likestilla eigenproduksjon med privat produksjon av varer og tenester. Kommunen budsjetterer momskompensasjon lik meirverdiavgift både i drifts- og i investeringsbudsjettet. I driftsbudsjettet utgjer dette kr 15,4 mill. kr, i investeringsbudsjettet kr. 4,6 mill.

### 3.2.4 Asylmottak, mottak flyktningar

Kommunen mottok årleg 1,7 mill. kr. i tilskot for at det er asylmottak i kommunen. Denne inntekta skal kompensera Stord sine meirutgifter som vertskommune for mottaket. I budsjettet for 2016 er summen auka til 2,1 mill. kr. grunna etableringa av mottak for einslege mindreårige på Litlabø. I ettertid har kommunen òg fått melding om at det vert arbeida med eit nytt mottak for opp til 40 mindreårige i Sagvåg.

Kommunen har budsjettert med eit integreringstilskot på 24,6 mill. kr. i 2016 og prisjustert i økonomiplanperioden. Ved busetting av flyktningar mottok kommunen 717 400 kr for kvar vaksen flyktning som vert busett, kr 767 400 for kvar einsleg vaksen og 717 400 for born. Integreringstilskotet vert utbetalt over 5 år. Ein kan og få barnehagetilskot, særskilt tilskot til einslege mindreårige, eldretilskot og ekstra tilskot til personar med kjende funksjonshemmingar. Budsjettforslaget legg til grunn eit mottak av 42 flyktningar, familiesameining kjem i tillegg. Kommunen har budsjettert med 13 personar på familiesameining.

Budsjettforslaget for asyl- og flyktningmottak byggjer på gjeldande ordningar. Her er det likevel grunn for å venta at det vil koma endringar i.o.m. at regjeringa ikkje har handsama flyktningpolitikken i statsbudsjettet men vil koma attende til denne i ein eigen proposisjon.

### 3.2.5 Ressurskrevjande tenestemottakarar

Ordninga med øyremerka tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei fyller 67 år. Forslag til statsbudsjett legg opp til følgjande for 2016:

- Kompensasjonsgraden blir vidareført med 80 prosent av direkte lønsutgifter ut over innslagsnivået.
- Innslagspunktet for kompensasjon er auka frå kr. 1 043 000 til kr. 1 081 000 for netto utgifter i 2015. Innslagspunktet er løns- og prisjustert og auka med kr. 10 000 utover det.
- Kompensasjonen som blir utbetalt frå staten til kommunane i 2016 skal kommunane inntektsføra i sine rekneskap for 2015. Kommunane skal inntektsføra den pårekna kompensasjonen i same året som utgiftene har vore.

Kommunen er venta å ha 40 brukarar i 2016 som samla vil gje eit tilskot på 48,3 mill. kr. Nivået på tilskotet er vidareført i planperioden.

### 3.2.6 Rente og avdragskompensasjon

Kommunen får rentekompensasjon på skuleanlegg, husbanken antar at denne vert på kr. 1,5 mill. i 2016. Rente og avdragskompensasjon for omsorgsbustader og institusjonsplassar utgjer kr. 3,181 mill. i inntekt. Av dette er kr. 2,351 mill. for avdrag og kr. 0,829 mill. rente. Rehabilitering av kyrkjebygg gir rentekompensasjon med kr. 0,207 mill. i 2016. For skuleanlegg som vart utbygd som del av reform 97 reknar kommunen med å ta imot kr. 0,854 mill. i 2016. Samla rente- og avdragskompensasjon er budsjettert med kr. 5,742 millionar.

### 3.2.7 Lønsvekst og pensjonskostnad

Statsbudsjettet legg opp til ein årslønnsvekst på 2,7 prosent. Denne er også lagt til grunn i budsjettframlegget, basert på eit overheng frå 2015 på 0,6 prosent, lønsgliding på 0,2 prosent og eit berekna datolønns tillegg per 1.5.2016 på 2,97 prosent, med heilårsverknad 1,9 prosent. Det er sett av kr. 10 mill. i lønsreserve i 2016. Berekna samla lønsvekst i 2016 inklusive overheng frå 2015 utgjer om lag 21,97 mill. kroner.

Kommunen budsjetterer pensjonskostnader i samsvar med Kommunaldepartementet sine reglar for pensjonsføring med sju års avdragstid på premieavviket. Premieavvik opparbeida før 2014 vert amortisert over ti år. Premieavvik opparbeida før 2012 vert amortisert over 15 år. Kommunen har motteke budsjettoppgåver frå KLP og Statens pensjonskasse. Kommunen har eigenrisiko på AFP-ordninga. Pensjonsleverandørane har berekna premien for 2016 utifrå erfaringstal. Berekna pensjonspremie for sjukepleiarane i KLP-ordninga er budsjettert med 19,26 prosent, for andre tilsette i KLP-ordninga 18,62 prosent av pensjonsgrunnlaget. Det er også budsjettert med ein reguleringspremie på kr 31,3 mill. kr. Det inneber at pensjonskostnaden til KLP i 2016 vert 3,1 mill. kr. høgare enn i 2015. I høve til berekninga for 2015 har KLP gjort endringar som følgje av levealdersjustering og endring i uførepensjonsreglar. Redusert amortiseringstid og auka rentegarantipremie gjer at samla pensjonskostnad aukar. Dei tilsette dekkjer 2 prosent av pensjonsgrunnlaget.

Statens pensjonskasse (SPK) har varsla om ein premie på 13,15 prosent inklusiv tilsette sin 2 prosent-del. Dette er ein reduksjon i premien på 0,4 prosent. Likevel har pensjonskostnaden til SPK auka med 1,6 mill. kr.

Premieavviket for 2016 er budsjettert med 22,9 mill. kr, i tillegg kjem 3,2 mill. kr. i arbeidsgjevaravgift. Dette vert ført til inntekt i budsjettet for 2016 og amortisert (utgiftsført) over sju år frå og med 2017, saman med premieavvik frå tidlegare år. Høg lønsvekst og låge renter har over tid bidrege til auka pensjonskostnader. Kostnaden med amortisering av tidlegare års premieavvik er budsjettert til 7,8 mill. kr i 2016.

1000 kr (inkludert arbeidstakardel 2%)	Sum 2015 (revidert budsjett)	KLP 2016	SPK 2016	Sum 2016	Endring i høve til 2015
Premie (pensjonsutgift)	76 836	81 438	20 086	101 524	24 688
Berekna pensjonskostnad	83 052	69 349	17 492	86 841	3 789
Premieavvik	-1 772	-20 229	-2 695	-22 924	21 152
Amortisering av tidlegare premieavvik	7 987	8 140	101	8 241	2 54

**Utgifta (premien)** er det me vert fakturert frå pensjonsleverandøren og utgjer ein likviditetsmessig belastning.

**Kostnaden** er det som vert bokført i rekneskapen, og påverkar årsresultatet.

**Premieavviket** er ein funksjon av desse to elementa, og reduserer utgifta frå 101,5 mill. til 86,8 mill. kr. i kostnad.

### 3.3 EIGEDOMSSKATT

Det er ikkje lagt opp til å auka skattesatsane. På bakgrunn av innkoma i 2015 er det budsjettert med slike brutto skatteinntekter i 2016:

#### Budsjetterte inntekter eigedomsskatt

Bustader og fritidseigedomar 2 ‰	23 142
Verk og bruk 4 ‰	8 030
Annan næringseigedom 4 ‰	8 604
Sum	39 776

Det vert gjort framlegg om at skatten skal betalast inn i fire terminar. Innkrevjinga vert samordna med kommunen sine øvrige eigedomsavgifter.

Kommunen sitt eigedomsskattekontor er administrativt organisert under økonomiavdelinga. Det er inngått rammeavtale med takseringsfirma for å gjennomføra løpande taksering av nybygg og endringar. Årskostnad med forvaltning av ordninga med eigedomsskatt er rekna til 1,1 mill. kr.

Budsjettforslaget legg opp til at eigedomar som tidlegare (i 2013, 2014 og 2015) har fått fritak etter eigedomsskattelova § 7 også skal ha fritak i 2016 (jf. vedlegg 7.12).

Kommunestyret vedtok som del av budsjettvedtaket for 2013, pkt h), at etter nedbetaling av akkumulert underskot skal inntekter frå eigedomsskatt gå til investeringar innanfor helse/omsorg og skule. Vedtaket er følgt opp i budsjettforslaget ved at inntektene frå eigedomsskatt foreslått disponert til finansiering av investeringar.

### 3.4 KONSEKVENJUSTERT DRIFTS- OG INVESTERINGSBUDSJETT 2019-2025

Det er også i år utarbeida ei skisse til eit ti-års investeringsprogram, fram til og med 2025. Programmet tek utgangspunkt i budsjettforslaget og vedtekne sektorplanar, og syner konsekvensar av tiltaka i form av kapital- og driftskostnader.

Føremålet med å utarbeida ein slik prognose er at det skal vera eit hjelpemiddel for handsaming av budsjett og økonomiplan ved at ein får synleggjort driftskonsekvensane av investeringsprogrammet ut over økonomiplanperioden. Samstundes gjev det eit oversyn over prosjekt som ligg i sektorplanar m.m. Skissa vert følgjeleg eit konsekvensjustert drifts- og investeringsbudsjett for dei neste seks åra. Det gjev eit samla oversyn over planlagde investeringstiltak og konsekvensane av desse for driftsbalansen, og syner at det planlagde investeringsprogrammet vil gje monalege utfordringar for driftsbalansen.

# 4. Målstyring

4.1 Overordna målekart for Stord kommune ..... 21

## 4. Målstyring

Kommunen sine overordna målsettingar ligg i kommuneplanen for 2010-2021. Kommunen skal i planperioden stimulera til at visjonen om å vera saman om utvikling og velferd vert realisert, ved å følgje opp målsetjingane innanfor desse områda:

- Byutvikling, senterstruktur og samferdsle
- Miljø, estetikk og trivsel
- Arbeid og næringsliv
- Oppvekst
- Rehabilitering, helse og omsorg
- Areal

Kommunen innførte i samband med 2013-budsjettet eit målstyringssystem som tok utgangspunkt i Kommunebarometeret. Barometeret er utarbeida av Kommunal Rapport og tek i tillegg til KOSTRA-tal utgangspunkt i data frå Utdanningsdirektoratet, Helsedirektoratet og Kommunaldepartementet.

Det er sett opp målekart i tilknytning til kommentarane for dei fleste sektorane. Det er ikkje relevante mål-data for alle tenestemråda i kommunen. Der Kostra er nytta i målekartet er det gjort ei samanlikning med resultatata for 2014 både for kommunen, landet og kommunegruppa (dei kommunane som er mest like oss i folketal og inntekt).

### 4.1 OVERORDNA MÅLEKART FOR STORD KOMMUNE

Målemetodane som er lagt til grunn i det overordna målekartet er i hovudsak basert på brukar- og medarbeidarundersøkingar som er utarbeidd av [www.bedrekommune.no](http://www.bedrekommune.no). Undersøkingane gjev eit bilete av kva brukarane meiner om tenestene og kva arbeidstakarane meiner om organisasjonen og om det er grunnlag for å justera målsetjingane for kommunen. Måleskalaen hjå bedrekommune.no, er frå 1-6, der 6 er best.

Når det gjeld vurdering av kvalitet på nettsidene våre, er målemetoden som er lagt til grunn i målekartet basert på Direktoratet for forvaltning og IKT si undersøking av kvalitet på nettsidene i offentleg sektor. Resultata og kriteria for undersøkinga er å finne på [kvalitet.difi.no/resultat/](http://kvalitet.difi.no/resultat/). Skalaen på resultatet er 1-6.

Sidan det kan vera samanheng mellom medarbeidarane sin tilfredsheit og kvalitet på tenestene er det viktig å kartlegge denne systematisk. Målet er å skape grunnlag for forbetring. Stord kommune har eit system for gjennomføring av undersøkingar der det annakvart år vert gjennomført brukarundersøkingar og medarbeidarundersøkingar. I 2016 vert det gjennomført brukarundersøkingar.

Det er difor ikkje utarbeida nye måltal for medarbeidartilfredsheit i 2016.

I 2016 vert det oppretta fire HMT-lag med ansvar for å følgje opp avvik, sjukefråvær, IA-målsettingar, kartleggingar, yrkeshygieniske målingar og vernerundar. Dei tilsette registrerer avvik og uønskte hendingar på HMT, kvalitet og organisasjon. Det vert oppmoda om å registrera avvik, og det er ei målsetjing om at kvar eining skal minimum registrera like mange avvik som eininga har årsverk i løpet av ein to-års periode.

Stord kommune har i 2015 ei målsetting om å koma under 7,50 prosent. Ein positiv trend for sjukefråværet i 2015 syner at ein kan nå målet.

Eit lågare sjukefråvær, betyr fleire friske tilsette på jobb, og mindre innleige av vikarar. Størst nedgang i sjukefråvær, finn me i dei store pleie- og omsorgseiningane. I oktober år hadde kommunen 843 fleire friske dagsverk enn på same tid i 2014.

Ifølgje KS var Stord kommune sitt sjukefråvær i 2014 som gjennomsnitt i kommunane. Ambisjonen for 2016 må vera at sjukefråværet vert ytterlegare redusert.

MÅLEKART	2016	2015 Snitt Stord	2014 Snitt Stord	2013 Snitt Stord
<b>BRUKAR (I skala frå 1-6, er 6 best)</b>	<b>MÅL</b>	<b>MÅL</b>		
Brukarane er nøgd med samarbeid og brukarmedverknaden	> 4,9		4,9	4,3
Brukarane og brukarrepresentantar opplever å bli møtt med respekt	> 5,6		5,6	5,1
Brukarane er nøgd med tilgjenge på tenestene	> 4,8		4,8	4,8
Brukaren er nøgd med tilgangen på informasjon om innhaldet i tenestene	> 4,3		4,8	4,3
Brukaren er nøgd med den totale kvaliteten på tenestene (Heilskapsvurdering)	> 4,9		5,0	4,9
Direktorat for forvaltning og IKT er nøgd med den totale kvaliteten på nettstaden i kommunen	5		5	6
			5	
<b>MEDARBEIDARAR (I skala frå 1-6, er 6 best)</b>				
Deltakarprosent på medarbeidarundersøkinga		> 68 %		64 %
Medarbeidaren er nøgd med arbeidssituasjonen sin		> 4,7		4,5
Medarbeidarane bidreg aktivt til å nå verksemda sine mål		> 5,0		4,9
Medarbeidarane opplever å ha naudsynt kompetanse til å utføre sine arbeidsoppgåver		> 4,8		4,8
Medarbeidarane løyser felles arbeidsoppgåver på sin arbeidsplass på ein god måte		> 4,9		4,9
Medarbeidarane opplever at næraste leiar gjev deg tilstrekkeleg attendemelding på den jobben han gjer		> 4,2		4,0
Medarbeidarane er nøgde med arbeidsgjevar si tilrettelegging for relevant kompetanseutvikling		> 3,9		3,9
<b>HMT – Helse, miljø, tryggleik</b>				
Sjukefråvær (i prosent)	< 7,5 %	7,5 %	8,33 %	8,3 %
Av dette korttidsfråvær <16 dagar	2,40 %	2,40 %		2,45 %
HMT avvik registrert i Kvalitetslosen	450	925		
Hendingar med arbeidsrelatert skade	0	0		
Økonomi, maksimum avvik i høve vedtekne budsjetttrammer		0 %		
<b>Kommunebarometeret, rangering blant landets kommunar</b>		<b>&gt; 218</b>		



# 5. Budsjettområda, drift og investeringar

5.1 Formannskapet.....	25	5.4.5 Beredskap.....	38
5.1.1 Politisk .....	25	5.4.6 Landbruk, miljø og næring.....	39
5.1.2 Administrasjon, fellesutgifter .....	25	5.4.7 Sunnhordland lufthamn AS.....	39
5.1.3 IKT.....	25	5.4.8 Regulering, byggjesak, oppmåling.....	40
5.1.4 Folkehelse .....	26	5.4.9 Fagavdeling for veg, trafikk og parkering (VTP) .....	41
5.1.5 Overordna planlegging, kommunal planstrategi .....	27	5.5 Komité for rehabilitering, helse og omsorg.....	44
5.1.6 Kyrkjeleg fellesråd .....	27	5.5.1 Sosialtenester, NAV.....	46
5.2 Driftsstyret.....	28	5.5.2 Sosial og førebyggjande tenester.....	46
5.2.1 «Prosjekt arealeffektivisering» .....	28	5.5.3 Habilitering.....	47
5.3 Komité for oppvekst og utdanning .....	29	5.5.4 Institusjonsdrift.....	47
5.3.1 Skule, SFO .....	30	5.5.5 Aktivitet og rehabilitering .....	47
5.3.2 Barnehagar .....	33	5.5.6 Heimebaserte tenester.....	47
5.3.3 Kulturskulen .....	34	5.5.7 Kundetorget.....	47
5.3.4 Barnevern .....	35	5.5.8 Bustader for personar med særskilte behov.....	48
5.4 Komité for næring, miljø og kultur.....	36	5.5.9 Legetenesta.....	48
5.4.1 Kulturtenester.....	36	5.5.10 Interkommunale akutte døgnenger .....	48
5.4.2 Idrett og friluftsliv.....	37	5.6 Kommunale føretak .....	49
5.4.3 Bibliotek .....	37	5.6.1 Stord kommunale eigedom KF (SKE KF) .....	49
5.4.4 Brann, redning og feiing.....	38	5.6.2 Stord vatn og avlaup KF (SVA KF) .....	50

# 5. Budsjettområda, drift og investeringar

Samla inntektsramme for driftsbudsjettet for 2016 er 1,235 mrd. kr. Tekstdelen – budsjettkommentarane – seier først og fremst noko om endringane i høve til dagens situasjon; endra vilkår/rammer for drift og/eller endringar i tenestetilbodet.

Framlegg til investeringsbudsjett for økonomiplanperioden 2016-2019 byggjer på gjeldande økonomiplan og sektorplanar. Alle investeringssummar med unntak for avgiftsområda er budsjettert med bruttotal (inkl. meirverdiavgift). Oversikta viser samla investering i kommunen og dei to kommunale føretaka. Oversikt over investeringsprosjekt og budsjett spesifisert på føretak og kommunen ligg i vedlegg til budsjettdokumentet.

## Framlegg til samla investeringar pr. tenesteområde 1000 kr

	2016	2017	2018	2019	2016-19
Administrasjon og fellesfunksjonar	23 050	17 650	24 650	18 350	83 700
Bustad/næring/utbygging/grunnkjøp	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000
Skule og barnehage	92 435	117 200	31 300	2 300	243 235
Helse og sosial	116 650	105 800	13 700	60 700	296 850
Kyrkje	6 700	1 700	5 200	1 700	15 300
Kultur, idrett	10 780	19 450	5 450	3 050	38 730
Brann, veg og grønt, teknisk	10 080	8 500	14 500	11 800	44 880
Vassverk	59 900	67 000	76 800	82 500	286 200
Avlaup	90 400	72 700	6 900	70 800	310 800
<b>Samla investering</b>	<b>410 995</b>	<b>411 000</b>	<b>249 500</b>	<b>252 200</b>	<b>1 323 695</b>

## Samla finansiering, investeringsbudsjett 1000 kr

	2016	2017	2018	2019	2016-19
Overføring frå drift/momskompensasjon	45 681	47 664	16 384	16 852	126 581
Overføring frå andre	108				
Statlege overføringer	24 915	81 450	2 500	1 700	110 565
Sal av eigedom/bruk av fond/eigedomsskatt	38 000	38 000	38 000	38 000	152 000
Sum eigenfin. /tilskot	108 704	167 114	56 884	56 552	389 254
Sum lån ikkje sjølvfinansierande investeringar	151 991	104 186	38 916	42 348	337 441
Låneopptak avgiftsområdet	150 300	139 700	153 700	153 300	597 000
<b>Samla finansiering</b>	<b>410 995</b>	<b>411 000</b>	<b>249 500</b>	<b>252 200</b>	<b>1 323 695</b>

## 5.1 FORMANNSKAPET

### 5.1.1 Politisk

Utgifter til politisk arbeid er vidareført på 2015-nivå. Det er sett av kr. 100 000 til disposisjon for formannskapet og kr. 350 000 til Komité for næring, miljø og kultur til kultur- og næringstiltak, sjå avsn 5.4. Det er lagt inn ein vekst i løyvinga til kontrollutvalet på 2,7 prosent. Den totale ramma for kontrollutvalet er kr. 1 144 589. Kontrollutvalet har i sitt budsjettforslag for 2016 foreslått ei ramme på kr. 1 486 816 (sjå vedlegg 9.4.1). Rådmannen har på vanleg måte handsama Kontrollutvalet som del av det samla kommunebudsjettet.

Ordføraren svara i kommunestyret 18.6.2015 på ein interpellasjon om direkte overføring av Formannskap- og komitémøte på nett, at ho ville be rådmannen gjera ei vurdering av ei slik investering frå komande budsjettår. Rådmannen har ikkje lagt denne investeringa inn i budsjettet. Kostnadene med å få oppgradert kommunestyresalen i høve til slike overføringar er rekna til kr 200 000, tilsvarande for formannskapssalen kr 135 000.

### 5.1.2 Administrasjon, interkommunal innkjøpsordning, fellesutgifter

Kommunestyret godkjente i desember 2012 sykkelbyavtale med Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune. Avtalen er fireårig, målsettinga er å gjera det meir attraktivt å velje sykkel som transportmiddel. Vegvesenet og fylkeskommunen skal etter avtala medverka med kvar kr 300 000 og kr 200 000, Stord kommune skal bidra med prosjektleiing. Det ligg inne kr 150 000 til oppfølging av avtala.

Sunnhordland interkommunale innkjøpsforum har 160 prosent stillingsressurs. Stord kommune dekker 20 prosent av lønskostnadane før fordeling av utgiftene til kommunane. Ordninga vert elles driven etter vertskommuneprinsippet. Det er budsjettert med kr 18 850 som Stord kommune sitt bidrag til felles driftsressurs for e-handel, dette fellesprosjektet er no komen over i ein driftsfase.

Regjeringa legg i forslag til statsbudsjett opp til å flytta skatteoppkrevjarfunksjonen frå kommunane til skatteetaten frå 1. juni 2016. Ein legg opp til at tilsette på dei skatteoppkrevjarkontora vert overførte til Skatteetaten i ei virksomhetsoverdraging, og har redusert rammeoverføringa til kommunane med 630 mill. kr. Rådmannen har budsjettforslaget lagt opp til at forslaget vert gjennomført.

### 5.1.3 IKT

IKT er eit sentralt verkemiddel både når det gjeld effektivisering og utvikling av kommunale tenester. Støtteining IKT driftar IKT-tenestene i kommunen og har eit særleg ansvar for å vurdere korleis ein møter den teknologiske utviklinga, korleis ein best nyttar den digitale teknologien og utviklar gode løysingar for digital sjølvbetening (e-forvaltning).

For 2016 vil det vera naudsynt å investere i infrastruktur som gjer det mogleg å oppgradera personal-, rekneskaps- og lønssystemet Agresso. Agresso vert også nytta av Fitjar og Bømlo, Stord driftar programmet. Oppgraderinga vil gje oss eit meir fleksibelt og moderne system der blant anna elektroniske timelister vil bli ført. Andre prioriterte oppgåver i 2016 er:

- Bygge ut infrastruktur for Knutsåsen Omsorgssenter og Stord Sjukeheim slik at ein kan tilby bebuarane Internett, fjernsyn og telefoni (kr 470 000,-)
- Oppgradera serverrom, datasystem og infrastruktur til å stette krav om informasjonstryggleik kr 2 mill. I dette inngår også ei sikker løysing for tryggleikskopi (backup) og utvida lagringsplass
- Oppgradera/ vøla koplingssskap og infrastruktur for Kulturhuset (kr 100 000,-)
- Skifte A/V-utstyr i Publikumssalen og Formannskapssalen (kr 320 000,-)

### 5.1.4 Folkehelse

Folkehelsearbeidet skjer i alle einingar, og ei rekkje måletal i dei ulike tenesteområda vil vere relevante også for folkehelse og kjem i tillegg til tala under. Folkehelsearbeid er langsiktig, gjennomførte tiltak vil oftast gje tiltak fleire år fram i tid.

Barne- og ungdomsåra legg grunnlaget for helsa resten av livet. Sosial ulikskap er ei av dei største truslane mot folkehelsa. Økonomiske støtteordningar og inntektsregulerte betalingsattsar for barnefamiljar er eit sentralt tiltak for å gi barn gode oppveksttilhøve.

Gjennomføring av vidaregåande skule har innverknad på framtidig sosial status og helse. Å auke gjennomføringa er difor eit folkehelsemål, og det blir arbeidd med tiltak både i barnehage, grunnskule og vidaregåande skule. M.a. har kommunen innført BTI-modellen (betre tverrfagleg innsats) for tidleg støtte til barn som treng det.

For vaksne er det å ta del i arbeidslivet sentralt for helsa. Alternative tilbod og god oppfølging av arbeidsledige er viktige helsefremjande tiltak. Ved å leggje betre til rette for arbeidstakarar med helseproblem kan tal uføretrygda bli redusert.

Andre store utfordringar for folkehelsa er auke i psykiske vanskar og livsstilssjukdomar. Helsestasjon, barnehage og skule er arenaer der ein møter stort sett alle barn, og desse tenestene er difor sentrale i folkehelsearbeidet. Ressursar i form av tilstrekkeleg personell og rett kompetanse, og samarbeid med andre fagområde og sektorar er suksessfaktorar. MOT-programmet kan trekkast fram som eit døme på samarbeidstiltak i skulen som ser ut til å ha positiv effekt på psykisk helse og trivsel.

MÅLEKART Folkehelse	MÅL			FOLKEHELSEPROFIL	
	2016	Stord 2014	Stord 2015	Grp. 8 2014	Landet 2014
Trivst på skulen 10 klasse %	> 78	78	77	-	85
Fråfall vgs %	< 23	23	22	-	25
Barn i Låginntektsfamiljar %	< 7,8	7,8	6,5	-	10
Brutto arbeidsløyse %	< 2,8	2,8	3,3	-	-
Uføretrygda 18-44 år%	< 2,8	2,8	2,8	-	2,5
Mottakar av sosialstønad 18-24 år %	< 6,3	6,3	6,7	-	-
Samla lengd turvegar, turstiar og skiløyper (km)	> 58	-	58	-	-
Årsverk friskliv pr. 10 000 innb.	0,56	0,33	0,22	-	-
Gjennomførte folkehelseforum	2	2	-	-	-
Stillingsprosent folkehelse	100	40	40	-	-
<b>Helsetilstand</b>					
Psykiske sympt./liding 15-29 år pr.1000 primærhelset.	< 157	157	150	-	137
Hjerte og karsjukdom per 1000. Primærhelset.	< 122	122	119	-	105
Røyking gravide %	< 11	11	12	-	14

Turgåing og friluftsliv er helsefremjande aktivitet med låg terskel. Turvegar og friluftsområde i nærområda har stor verdi for helse og trivnad for folk i alle aldrar.

Frisklivssentralen er eit lågterskeltilbod til personar i alle aldrar som treng støtte til å endre levevanane sine. Døme på tiltak er røykesluttkurs, Bra mat-kurs, individuelle samtalar og treningsgrupper. Sentralen har også ein viktig funksjon som ressurscenter og arena for kommunale lærings- og meistringstilbod.

Folkehelsearbeidet har som overordna mål å skape helsefremjande lokalsamfunn med høve til sosial deltaking for alle. Dette involverer både offentlege, frivillige og private aktørar, i tillegg til innbyggjarane generelt. Kommunen si rolle er m.a. å leggje til rette for dialog og samarbeid på tvers av sektorar, og stimulere til felles innsats. Sidan 2014 har kommunen arrangert Folkehelseforum som ein felles møteplass kring tema innan folkehelse og lokalsamfunn.

Informasjon frå Folkehelseforum inngår i Oversikt over helsetilstanden og faktorar som påverkar. Oversiktsdokumentet vil vere ferdig i løpet av hausten 2015, og blir då eit grunnlag for vidare prioriteringar i folkehelsearbeidet. I budsjettforslaget ligg det ein ressurs på 60 prosent som folkehelsekoordinator.

### 5.1.5 Overordna planlegging, kommunal planstrategi

Det nye kommunestyret skal vedta ny kommunal planstrategi i løpet av 2016. Det vil denne gongen verta lagt opp til å samordna arbeidet med planstrategien med revisjon av arealdelen av kommuneplanen. Utarbeiding og handsaming av planstrategien vil då verta slått saman med og vera ein del av oppstarten av arbeidet med kommuneplanen.

Kommunal planstrategi skal utarbeidast og vedtakast minst ein gong i kvar valperiode og seinast eitt år etter konstituering. Planstrategien skal omfatta ei drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling, irekna langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, sektorane si verksemd og ei vurdering av kommunen sitt planbehov i perioden.

Gjeldande kommuneplan, kommuneplanen for Stord 2010 – 2021, vart vedteken av kommunestyret 15.12.2011. I løpet av 2016 vil framtidig trasé for ny E39 over Stord verta avklart. Denne vil vera viktig premis for vidare utbygging og utvikling av kommunen. Rådmannen ser no behovet for å revidera arealdelen av kommuneplanen mellom anna for å få eit godt heilskapleg grep om aksene Heiane – Vabakken/ Leirvik – Ådland. Dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging legg vekt på raskare planprosessar for planlegging av bustad, næring og samferdsel. Klare overordna føringar for areal- og samfunnsutviklinga gjennom oppdaterte planar vil vera avgjerande for å oppnå dette.

Større overordna planarbeid i kommunal regi i 2016 vil vera rullering av arealdelen til kommuneplanen, kommunedelplan Sagvåg og Litlabø, stadanalyse Gruveområdet på Litlabø og slutthandsaming av områderegulering Sævarhagen–Haga–Nedre Økland. I samarbeid med Statens vegvesen og fylkeskommunen er ein i gang med reguleringsplanarbeid for miljøgate gjennom sentrum med m.a. busshaldeplass i sentrum og for sykkelveg mellom Heiane og Vabakken. Reguleringsplanen for sykkelvegen omfatar og rundkøyring i Tveitakrysset. Planane vil verta vedtekne i løpet av 2016. Vidare vil arbeidet med statlege kommunedelplanar for E39 Stord-0s og Stord-Bokn pågå.

Viktige oppgåver i 2016 vil og vera arbeidet med ein bompengepakke, Stordpakken, som skal gje finansieringsgrunnlag for gjennomføring av viktig oppgradering og trafikksikring av kommunal- og fylkeskommunalvegnett, m.a. miljøgate med sykkelveg gjennom sentrum, sykkelveg Heiane- Vabakken- Leirvik, gang-/ sykkelveg langs Litlabøvegen m.v.

Stord kommune er med i Utviklingsprogrammet for byregionar. Delprosjektet Den tette byen vil kunna vera eit viktig bidrag til revisjon av kommuneplanen for Leirvik sentrum.

Kommunen står framfor store oppgåver på plansida. I budsjettforslaget er stillingsressursen som kommuneplanleggjar auka frå 50 til 100 prosent. Løyvinga til overordna planlegging er auka med kr 200 000 til kr 500 000.

### 5.1.6 Kyrkjeleg fellesråd

Driftstilskotet til Stord kyrkjelege fellesråd er foreslått auka med 2,7 prosent til kr. 7 677 255. Stord kommunestyre vedtok i sak PS 48/14 i tillegg å auka festeavgifta i kommunen frå kr. 150 til kr. 250, som gjev ei meirinntekt for fellesrådet på kr. 130 000 per år. Kommunestyret innførte i desember 2008 ei ordning med eit tilskot på kr. 5 000 til etterletne som vel kremasjon, med siktemål å auka bruken av urnegraver. Ordninga er vidareført i 2016-budsjettet med kr. 92 430. Kyrkja ber om 8 mill. kr. i driftstilskot frå kommunen (kyrkja sitt budsjettframlegg ligg som vedlegg).

Det er på investeringsbudsjettet sett av 1,5 mill. kr. kvart år til vidare rehabilitering av kyrkjene. Rehabiliteringa av Stord kyrkje går ifølgje kyrkjeverja sakte framover, i 2015 laut Nysæter kyrkje prioriterast. Ein vil i 2016 gå vidare i arbeidet på Stord kyrkje. Der er sett av 0,2 mill. kr. til utstyr kvart år. Kyrkjeverja skriv at utstyret på gravplassane er gammalt og ber preg av slitasje.

Utvidinga av Nysæter gravplass med ca. 500 graver er godt i gang, første del er planlagt teken i bruk hausten 2016. Budsjettforslaget følgjer opp kommunestyret sitt vedtak 18. juni 2018 med ei løyving på 5 mill. kr. i 2016. Med denne utvidinga vil kapasiteten i soknet venteleg vera dekkja i 15-20 år frametter.

Den nye gravplassen i Frugarden med 500 plassar vart teken i bruk i 2014. Statens vegvesen har sett rekkjefølgjekrav slik at ein berre kan ta i bruk 500 gravar før prosesjonsveg er ferdig opparbeidd. Det vart sett av kr. 200 000 til regulering av ny prosesjonsveg i Frugarden i 2015. Det arbeidet er så langt ikkje starta opp. Det ligg inne 3,5 mill. kr. til gjennomføring av prosjektet i 2016.



## 5.2 DRIFTSSTYRET

Driftsstyret sitt ansvarsområde er i hovudsak kommunen sin overordna personalpolitikk og organisasjons- og administrasjonsspørsmål. Fellespotten for kurs og utdanning er i budsjettforslaget lagt inn med kr. 200 000 i 2016, ein auke på kr. 56 000 i høve 2014. Samla løyving til føremålet ligg på om lag 3,3 mill. kr.

Stord kommune har behov for mange unge arbeidstakarar og faglært arbeidskraft. Kvart år tilbyr kommunen læreplassar i fleire fag. Det er lagt opp til at kommunen i 2016 skal ta inn 15 lærlingar. Kommunen tok i 2015 inn 18 lærlingar.

Stillingsgruppa har vore eit partssamansett administrativt utval som laupande vurderer ledige stillingar. Føremålet med gruppa er knytt til eit krav om innsparing, dei seinare åra har det lagt på kr 1,5 mill. kr. Det har innanfor stramme budsjett blitt stadig vanskelegare å innfri innsparingskrava, som har lagt inne som flate uspesifiserte kutt. Rådmannen legg i budsjettframlegget opp til å avvikla Stillingsgruppa.

### 5.2.1 «Prosjekt arealeffektivisering»

Kommunestyret handsama eit forstudie på prosjektet i juni 2014. Hovudelementa i prosjektet er å leggja til rette for å samla heimebaserte tenester og barnevernstenesta i SKE-bygget i sentrum og å oppgradera og auka talet på arbeidsplassar rådhuset. I tillegg inngår ei rad mindre delprosjekt. Så langt er dette gjennomført:

- Stord kommunale eigedom KF har nytta forkjøpsretten til Blåbygget, det vert lagt opp til å etablera til saman seks bueiningar i andre og tredje høgda i 2016
- Kjellaren i SKE-bygget er oppgradert til garderobe og lager
- Husleigeavtalane for lokala til vaksenopplæringa er reforhandla. Pågangen etter tenester tilseier likevel ikkje at arealet kan reduserast
- Det tilrettelagt åtte bustader med heildøgns omsorg i tredje høgda i Backertunet

Ske KF skal vurdere ulike modellar for avhending/ utvikling av kommunen sin eigedom gnr. 25 bnr. 1 Sævarhagen, og utleige av ledig areal i Ske-bygget på Rundehaugen.

Det er gjennomført ein avgrensa konkurranse på fortetting av rådhuset. Det vil bli lagt fram eit forslag til forprosjekt for kommunestyret på nyåret 2016. Det ligg inne ei løyving på 4,9 mill. kr til prosjektet i 2016. 4,1 mill. er føresett nytta til ombygging av det tidlegare legesenteret i Myro, der PPT/førebyggjande tenester skal flytta inn. Ein vil med det få samla eininga for heimebaserte tenester i SKE-bygget. Det er ikkje naudsynt å gjennomføra ytterlegare investeringar i SKE-bygget.

### 5.3 KOMITÉ FOR OPPVEKST OG UTDANNING

Komité for oppvekst og utdanning vedtok i PS 12/2014 "Plan for kvalitetsutvikling-fokusområde for oppvekst 2014-2017". Planen omhandlar dei områda tenestene skal ha spesiell fokus på fram til og med 2017, for å sikra ei utvikling i samsvar med nasjonale og lokale føringar.

I følgje folkehelselova skal alle kommunale tenestemråde medverka til å fremja folkehelsa. Tenestemråde for barn og unge vert særleg viktige, då innsats i ung alder vil kunna ha ein førebyggjande effekt. Gjennom å betra kvaliteten i barnehagar og skular og ved å vidareutvikla førebyggjande hjelpetenester for barn, skal oppvekstkåra til barn og unge styrkjast. Betre tenestetilbod for alle og meir samordning mellom tenestene for dei mest sårbare barna, blir i St. meld nr. 34 2013 omtala som avgjerande for gode oppveksttilhøve. Kommuneplan for Stord kommune 2010-2021 har oppvekst som eit av satsingsområda og legg vekt på gode og trygge oppvekstkår for barn og unge. Kommunen skal følgja nøye med i dei tilhøva barn og unge lever under, førebyggja og fremja god fysisk og psykisk helse. Dersom ein skal nå barn som har særlege behov for tenester, er det naudsynt med tverrfagleg samarbeid. Kommunen må vera i stand til å ta ansvar for tidleg identifisering, kartlegging og vurdering av barn og unge sine vanskar og hjelpebehov.

### Betre tverrfagleg innsats (BTI) som felles fokusområde for alle tenestene i oppvekst

Av plan for kvalitetsutvikling går det fram at alle tenestene i oppvekst skal arbeida for å betra den tverrfaglege innsatsen, og i arbeidet med målsettingane for dette fokusområdet står helsedirektoratet si satsing på BTI (Betre tverrfagleg innsats) sentralt. BTI er ein samarbeidsmodell som skal sikra heilskapleg og koordinert innsats overfor barn, unge og familiar det er knyta uro til. Barnehage, skule, kulturskule, sosiale og førebyggjande tenester (SOFT) og barnevern skal alle vera med å sikra gode oppvekstvilkår, og BTI-modellen er i ferd med å bli eit viktig verktøy for samhandlinga mellom desse tenestene.

Førebyggjande tenester er ein del av Eining for sosial og førebyggjande teneste (SOFT) og er omtala under kapittel 5.5.



### 5.3.1 Skule, SFO

GRUNNSKULE MÅLEKART	MÅL		Resultat		Fylket 2015
	2016	2015	2013	2014	
Snitt nasjonale prøvar lesing 5. trinn (I skala frå 1-3, er 3 best)	> 50	50	-	2,0	50
Snitt nasjonale prøvar lesing 8. trinn (I skala frå 1-3, er 5 best)	> 50	48	-	2,9	49
Snitt nasjonale prøvar lesing 9. trinn (I skala frå 1-3, er 5 best)	> 53	52	-	3,4	53
Snitt nasjonale prøvar rekning 5. trinn (I skala frå 1-3, er 3 best)	> 50	48	-	2,0	50
Snitt nasjonale prøvar rekning 8. trinn (I skala frå 1-3, er 5 best)	> 50	49	-	2,9	49
Snitt nasjonale prøvar rekning 9. trinn (I skala frå 1-3, er 5 best)	> 53	53	-	3,4	53
Læringsmiljø: Vurdering for læring 7. Trinn	> 3,9	3,8	3,8	-	3,9
Læringsmiljø: Vurdering for læring 10. Trinn	> 3,2	3,0	3,1	-	3,1
Læringsmiljø: Mobbing 7. trinn (Her tyder låg verdi på lite mobbing.)	< 1,2	1,2	1,4	-	1,3
Læringsmiljø: Mobbing 10. trinn (Her tyder låg verdi på lite mobbing.)	< 1,2	1,3	1,3	-	1,2
Gjennomsnittlege grunnskulepoeng	> 40,5	40,1	38,7	39,6	41,4
Elevar som er registrert i vidaregåande opplæring same året som avslutta ungdomsskule (i prosent)	> 98,4	-	-	-	98,2

*Elevundersøkinga (læringsmiljø) blei revidert i 2013, og tidlegare resultat kan difor ikkje samanliknast med resultatata frå skuleåret 2013-2014 og seinare. Frå 2015 har Utdanningsdirektoratet ei ny presentasjonsform på nasjonale prøvar med ny poengskala. Endring i presentasjonsform er lagt til grunn ved utarbeiding av mål for læringsresultat for grunnskulen i Stord kommune i 2016. Gjennomsnittlege grunnskulepoeng i Stord synte skuleåret 2014-15 god framgang.*

#### Grunnleggjande dugleikar

Nasjonale prøvar i lesing for 5. trinn har same resultat som fylket og nasjonen. I rekning på 5.trinn er resultatet lågare enn både fylket og landet. På ungdomstrinnet er resultatata under fylket og landet i lesing, men meir på same nivå når det gjeld rekning.

Grunnleggjande dugleikar inngår som eitt av tre satsingsområde for grunnskulen i «Kvalitetsutviklingsplanen for oppvekst». Nasjonale prøvar måler utviklinga til elevane i dei grunnleggjande ferdigheitene lesing og rekning. For få år sidan vart det i Stord kommune gjennomført ei stor satsing på lesing. Skuleåret 2014/2015 vart det arbeid med og lagt planar for korleis det skal arbeidast med rekning som grunnleggjande dugleik, og skulane er frå august 2015 i gong med rekning som satsingsområde.

Det vil ha stor verdi om det kan setjast inn tiltak i form av tidleg innsats så snart vanskar oppstår eller tidleg i skuleløpet. Det vil ha stor verdi for dei borna som får delta, og kan gi store samfunnsøkonomiske gevinstar i form av betre helse og større mestring av vaksen- og arbeidsliv. Utdanningsdirektoratet starta i 2013 ei satsing på ungdomsskulane. At alle elevar skal meistra grunnleggjande dugleikar (kunna lesa, skriva, rekna, og kunna uttrykkja seg munnleg og bruka digitale verktøy) er ei av tre overordna målsettingar i satsinga. Ungdomsskulane deltek i denne satsinga og vil følgja den ut prosjektperioden i 2017.

Fokusområda for barneskulane byggjer opp under målsettingane for satsinga på ungdomstrinnet. Grunnleggjande dugleikar med fokus på lesing, skriving og rekning er utvalde fokusområde for heile grunnskulen i Stord, saman med «Vurdering for læring» og BTI (Betre tverrfagleg innsats for sårbare barn).

Sjølv om kvalitetsutviklingsplanen peikar på behovet for å styrkja området «Grunnleggjande dugleikar», er det ikkje funne rom for å auka løyvingane til læremidlar, kompetanseheving og tiltak for tidleg innsats i budsjettforslaget. Staten bidreg likevel med ei omfattande finansiering av vidareutdanning i realfag og rekning som grunnleggjande dugleik. Stord kommune har og fått tilført øyremerka midlar til auka lærartettleiken på 1.-4. trinn. Formålet med ordninga er tidleg innsats og rådmannen har fordelt tilskotet ved å redusere delingstalet på desse trinna til 24 elevar. For kvar elev over delingstalet vil skulane då få 1,4 t/v ekstra med pedagog.

### Ny naturfagtime

I samsvar med statsbudsjettet er det i budsjett for 2016 sett av ressursar til auke i timetalet i naturfag med ein veketime på 5. - 7. trinn frå hausten.

### Vurdering for læring (VFL)

Rett til «vurdering for læring» (VFL) går fram av forskrift til opplæringslova (2009) og er eitt av tre satsingsområde for grunnskulen i Stord. VFL handlar om tydelege mål og kriterier for læringsarbeidet, faglege og relevante tilbakemeldingar, råd om forbetring og involvering i vurderingsarbeidet. Dette er i følgje forskning avgjerande for læring.

### Mobbing

I Skoleporten (Utdanningsdirektoratet) tyder eit gjennomsnitt ned mot verdien 1 på lite mobbing i skulen. I 2014 er andelen elevar som blir mobba på 7. trinn i Stord kommune, redusert i samsvar med den reduksjonen som kan registrerast på nasjonalt nivå. Kommuneresultatet for 10. trinn har ikkje hatt same reduksjon som nasjonalt nivå. Mobbing er alvorleg for dei barna det gjeld.

### Analyseverktøy

Komiteé for oppvekst og utdanning sa i samband med handsaminga av tilstandsrapporten for grunnskulen i Stord kommune for 2014 at denne «blir teken til orientering. Komiteen ønskjer gå djupare inn i bakgrunnen for resultatane, og ber rådmannen koma attende til komiteen med forslag til korleis ein kan gjennomføra dette.».

Kommunen har gått til innkjøp av dei nettbaserte systema VOKAL og PULS. Med VOKAL får læraren eit enkelt og brukarvenleg system som effektiviserer handtering av kartleggingsprøvar og kartleggingsverktøy. Samstundes får skuleleiar og skuleeigar standardisert arbeidet med kartlegging for heile skulen og heile kommunen. PULS er verktøyet som skuleleiinga og skuleeigar vil nytta for kvalitetsvurdering og kvalitetsutvikling. Opplæring i systema starta i august 2015 og vil halda fram i heile 2016. Opplæringa vil byggja på dei vedtekte satsingsområda til Stord kommune og vil såleis sikra noko kompetanseheving i VFL og grunnleggjande dugleikar. I budsjett for 2016 er det lagt inn 0,14 mill. kr. til lisensutgifter til VOKAL, PULS og stafettloggen. Det siste er eit dataverktøy for å letta overgangen mellom tenestene i samband med tverrfagleg innsats (BTI).

### Elevressurs

Budsjettforslaget legg til grunn eit delingstal på 28 på barnetrinnet og 30 på ungdomstrinnet. Elevressursen skal m.a. gå til å styrkja opplæringa gjennom t.d. tidleg innsats, lesekurs og andre intensive fagkurs, tiltak innan spesialundervisning i mindre omfang og vikarbruk. Elevressursen er i budsjett for 2016 justert opp med 2,7 prosent, tilsvarande 0,5 mill. kr.

### Fådelt Litlabø skule

Ut frå elevtalet er Litlabø skule føreslått tildelt ressursar som femdelt skule våren 2016 og seksdelt hausten 2016. Dette gir ein innsparing på lærarstillingar tilsvarande 2 klassar. Ut frå tilgjengelege elevtal per i dag vil skulen frå hausten 2016 ha 28 elevar i første klasse og ein elev ekstra vil såleis utløysa to klassar på første trinn.

### Vaksenopplæring, avdeling for framandspråklege (VO)

Vaksenopplæringa har frå hausten 2015 gitt tilbod om opplæring både etter Introduksjonslova og etter Opplæringslova. Tilbodet etter Opplæringslova er nytt og har hatt ein gradvis opptrapping. I budsjett for 2016 er det lagt inn ressursar til 2,5 lærarstilling, 0,4 rådgivarstilling og 0,3 mill. kr. i driftsutgifter til dette tilbodet.

Stord kommune buset no fleire flyktingar og asylsøkjjarar enn tidlegare år, samstundes som det blir etablert eitt nytt mottak for einslege mindreårige (15-18 år) flyktingar med 40 plasser. Dette vil medføra ein auke innanfor begge tilboda på VO i 2016.

Våren vedtok Komité for oppvekst og utdanning at ein frå 2015 skulle nytta nynorsk som opplæringsmål for nye elevar ved VO. I budsjett for 2015 vedtok ein å dele investeringskostnadane på 0,55 mill. kr. over to år, 0,2 mill. kr. er sett av til formålet i budsjettet for 2016.

### SFO

I PS 18/15 «Vurdering av sjølvkost i forhold til skulefritidsordninga» vedtok kommunestyret nye vedtekter for dei kommunale skulefritidsordningane i Stord kommune. Vedtektene vart gjort gjeldande frå og med 1. august 2015 og definerer minimum vaksentettleik på SFO. På bakgrunn av lønskostnadar, forventta barnetal og minimum vaksentettleik har ein i budsjett for 2016 føreslått å redusera foreldrebetalinga med kr. 100 per full plass per månad i SFO. Ein har då i tillegg lagt inn midlar til vikar, samt styrking av driftsmidlar.

### Symjeopplæring.

Ressursen til symjeopplæring vert i budsjett for 2016 vidareført som i 2015 der ein tok utgangspunkt i kompetansemålet og vurderte at undervisninga til elevane burde ha eit omfang på 38 timar, dvs ½ time per klasse per årstrinn i 38 veker. Det er i budsjettet og lagt inn utgifter til transport.

### Spesialundervisning

Omfanget av spesialundervisning er i forslag til budsjett lagt inn med utgifter knytt til alle kjende vedtak av stort omfang per september 2015. Det ligg ikkje inne reservar til moglege nye vedtak.

### Rettleiing av nyutdanna lærarar

Det er inngått avtale mellom KS og Utdanningsforbundet om rettleiing av nyutdanna lærarar. Det er ikkje lagt inn ekstra ressursar for å følgje opp denne avtala.

### Ny Stord ungdomsskule

I PS 29/15 vedtok kommunestyret å bygga ny ungdomsskule på Vikahaugane «Kongen på haugane». Skulen skal, etter vedtaket, ha fem parallelle klassar, base for helsestasjon og base for multifunksjonshemma. Kommunestyret har som målsetnad at ny Stord ungdomsskule skal vera klar frå hausten 2017.

Kostnadane med prosjektet vart i oktober 2011 kalkulert til 153 mill. kr. inkludert mva, inventar, riving, prosjektering mv. Justert for prisstigning vert kostnadane per august 2014 kalkulert til 166 mill. kr. inkludert utomhusanlegg og infrastruktur. Kostnadane med prosjektet er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak lagt inn i økonomiplanen med 204,4 mill. kr. Kostnadsauken skuldast utviding med ein femte parallell, generell prisauke og ein høgare margin/reserve. Avsett reserve/margin/prisstigning er ca. 29 mill. kr. eller 17 prosent. Kalkylane tek og høgde for kostnadene med å halda skule for elevane i anleggstida, som er venta å vera i om lag 15 månader.

### Nybygg og rehabilitering av Nysæter ungdomsskule

Nybygg og rehabilitering av Nysæter ungdomsskule er i skulebruksplanen lagt inn etter økonomiplan-perioden 2015-18 med 72 mill. kr. I budsjett for 2014 flytta kommunestyret fram prosjektering av rehabilitering av Nysæter ungdomsskule til 2015. I PS 15/14 fekk rådmannen i oppdrag å utarbeida ein forstudie for prosjekt rehabilitering/nybygg Nysæter ungdomsskule. I prosjektet skal ein klarleggja tilstanden på skulen, kva som kan rehabiliterast og kva som må byggjast nytt, pris på ulike løysingar, samt vurdere ev synergieffektar med å inkludera fleirbrukshall for Sagvåg og Litlabø. Prosjektet skal, innan februar 2016, leggja fram eit forstudie for kommunestyret i samsvar med vedtak i PS 15/14.

Det ligg inne 0,9 mill. kr. til utstyr til fordeling på grunnskulane i 2016.

### 5.3.2 Barnehagar

MÅLEKART BARNEHAGE	MÅL	Resultat prosent (SSB konsern)			
		2016	Stord 2014	Stord 2013	Grp 8 2014
Del tilsette menn i grunnbemanninga (alle barnehagar i kommunen)	> 6,0	4,9	4,7	6,4	8,7
Del styrarar og pedagogiske leiarar med godkjent barnehagelærerutdanning (alle barnehagar i kommunen)	100	96,1	97,0	91,9	90,9
Tal barn korrigert for alder per årsverk grunnbemanning i kommunale barnehagar	6,7	6,5	6,8	6,3	6,1
Del tilsette med barnehagelærerutdanning (alle barnehagar i kommunen)	> 38,8	38,4	42,2	35,7	34,6
Del barn 1 – 5 år med barnehageplass (alle barnehagar i kommunen)	> 91,0	91,4	89,7	90,0	90,2
Del minoritetsspråklege barn i barnehage av innvandrarbarn 1 – 5 år	> 91,0	79,0	75,0	74,6	74,8

Kjønnsrollemønsteret etablerer seg alt i småbarnsalderen. Det er ei nasjonal målsetting at menn skal utgjera 20 prosent av tilsette i barnehagen. Men trass politisk satsing om å auka talet på menn i barnehage, har prosenten vore stabil på mellom 8 og 9 prosent nasjonalt frå 2005 og fram til i dag. Mennene som er tilsett i barnehagar i Stord kommune, arbeider i hovudsak i private barnehagar. For å auke andelen menn i kommunale barnehagar, vil kommunen frå 2016 oppmoda menn om å søkja ledige stillingar, samt prioritera dei ved tilsetjing når søkjarane elles står likt.

Personalet i barnehagane i Stord kommune har god fagkompetanse. I august 2015 hadde alle barnehagane i kommunen styrarar og pedagogiske leiarar med godkjent utdanning. Tal frå SSB viser at barnehagane i Stord kommune har høgare prosent tilsette med barnehagelærerutdanning enn samanliknbare kommunar og landet generelt.

Personaltettleiken i dei kommunale barnehagane i Stord kommune er sett til eitt årsverk per 6,7 barn korrigert for alder. Dette er noko lågare enn personaltettleiken i samanliknbare kommunar, og i landet generelt.

Prosentdel barn med barnehageplass i Stord kommune var i 2014 litt over gjennomsnittet for landet.

Talet på minoritetsspråklege barn med barnehageplass aukar. Barnehagen vert sett på som den viktigaste integrerings- og språkopplærings-arenaen for barn i førskulealder. Stord kommune har høgare del minoritetsspråklege barn med barnehageplass enn landet generelt. Minoritetsspråklege barn er i denne samanheng barn med anna morsmål enn norsk, samisk, svensk, dansk og engelsk.

Dei kommunale barnehagane sitt arbeid med kvalitetsutvikling står omtalt i «Plan for kvalitetsutvikling – Fokusområde for oppvekst 2014-2017». Barnehagane arbeider systematisk med fokusområda i prosjekt «Vere saman» og prosjekt «Betre Tverrfagleg innsats». Drifta i dei kommunale barnehagane er i hovudsak vidareført på 2015 nivå, men justert for barnetal.

### Tilskot til ikkje-kommunale barnehagar

Kommunen yter tilskot til drift av alle godkjente ikkje-kommunale barnehagar i kommunen. I budsjettet for 2016 er det lagt inn netto 118,491 mill. kr. i tilskot til ikkje-kommunale barnehagar. Redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid er medrekna.

Tilskotet til ikkje kommunale barnehagar er rekna ut som tilsvarande 100 prosent av kostnadane per barn i kommunale barnehagar. Tilskotet for 2016 er fastsett ut frå rekneskapstal for 2014 justert for prisvekst. Maksimalprisen for foreldrebetaling vart i framlegg til statsbudsjett lagt på same reelle nivå som i 2015 og blir då på kr. 2 655 per måned frå 1.1.2016.

### Investeringar nybygg og anlegg

Kommunestyret vedtok i PS 41/15 å rehabilitera og byggja på Skogatufto barnehage. Kostnad for prosjektet er sett til 7,5 mill. kr, inklusive mva. Kostnader med mellombels løysing i anleggsperioden er medrekna.

I Kommunedelplan barnehage 2015-2025, vedtok Kommunestyret at neste større barnehageutbygging skal skje i oppvekstområdet Sagvåg/Litlabø og stå ferdig i 2018. Det er lagt inn 30 mill. kr. til dette i økonomiplanen.

I økonomiplanperioden er det lagt inn 0,5 mill. kr. årleg til utstyr til fordeling i barnehagane. I budsjettet for 2016 vert det føreslått å auka denne summen til 0,7 mill.kr og øyremarka 0,48 av dei til investering i nytt datasystem for opptak i barnehagane.

### 5.3.3 Kulturskulen

#### MÅLEKART KULTURSKULEN

	MÅL	Resultat prosent (SSB konsern)			
	2016	Stord 2014	Stord 2013	Grp.8 2014	Landet 2014
Del på venteliste til musikk- og kulturskule	>23,0	19,7	22,4	15,6	14,0

Stord kulturskule har som visjon å vera eit synleg og aktivt kunstfagleg ressurscenter for Stord kommune, og ein føregangsskule for kunstfagleg arbeid og utvikling i Sunnhordland. Ein tilbyr i dag kunst og kultur til stadig fleire, då både som deltakarar og som publikum. Tal på elevplassar i Stord kulturskule vil venteleg passera 860 i løp av 2016, noko som er omlag 100 elevplassar meir enn i 2015. Dette er likevel ikkje 100 nye elevplassar økonomisk. Det er familiar som får fleire barn inn i kulturskulen og fleire elevar får fleire plassar, med moderasjonsordninga slik ho er i dag gjer ikkje dette så stor økonomisk utteljing.

Budsjettet for 2016 syner ei nedgang i inntektene til kulturskulen, dette skuldast i hovudsak at det i 2015 var budsjettert med for høge inntekter i brukarbetalinga. Vidare er det sviktande inntekter på distriktsmusikarordninga, utgangspunktet for 2016 er at det ikkje vert skulekonserturné for dei og dermed svikt i refusjon frå Hordaland fylke.

Ein har i snitt auka betalingsattsane med 2,7 prosent for løns- og prisvekst. I tillegg blir søskenmoderasjonsordninga føreslått strama inn. Rådmannen har i sitt forslag til budsjett lagt inn 0,3 mill. kr. til investeringar i utstyr m.m. i 2016.

*Stord kommune har med 19,7 prosent god dekning i kulturskulen, i høve til samanliknbare kommunar og landet elles. Nasjonal målsetting er likevel ein dekkingsgrad på 30 prosent, det vil sei at 30 prosent av elevar i grunnskulen skal vera elevar i Kulturskulen. Det er slik sett enno eit stykke att.*



### 5.3.4 Barnevern

MÅLEKART BARNEVERN	MÅL	Resultat prosent (SSB konsern)			
	2016	Stord 2014	Stord 2013	Grp.8 2014	Landet 2014
Del undersøkingar m handsaming over 3 mnd	<20	32	21,8	21	21
Del barn med tiltak per 31.12 med utarbeida plan	100	75	69	-	83
Stillingar med fagutdanning, per 1000 barn 0-17 år	>2,7	2,7	2,9	3,7	4,2

Lova seier at handsaming av undersøkingar i barnevernstenesta berre unntaksvis skal ta meir enn 3 mnd. og ikkje over 6 mnd, og at alle barn med tiltak i barnevernet skal ha tiltaksplan. Større effektivitet i forhold til sakshandsaming og utarbeiding av individuelle planar, samt meir systematisk oppfølging av barn i fosterheimar er målsetting for barnevernet.

Kvalitetsutviklingsplanen legg opp til satsing på heilskap og kvalitet og samarbeid. Deltaking i betre tverrfagleg innsats (BTI), vil for barnevernet som for dei andre tenestene, krevja nye måtar å arbeida på og andre samarbeidsarenaer.

Rett hjelp til rett tid og på rett stad er eit viktig mål for tenesta. Barnevernstenesta skal bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår, og sikre at dei som lever under tilhøve som kan skade helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg. Brukarmedverknad, tidleg innsats og tverrfagleg samhandling er særlege fokusområde. I tillegg må tenesta syta for at barn som må flyttast ut av heimen, får naudsynt hjelp og støtte.

Barnevernet skal også prioritera internkontroll i 2016 og slik sikra at lovkrav får si oppfølging i praksis. Dette handlar mellom anna om å kvalitetssikra meldinger og undersøkingar og å følge opp hjelpetiltak og fosterheimar. Kapasiteten i barnevernstenesta er auka dei siste åra, sidan 2011 har ein fått 7 nye stillingar finansiert med øyremerka statsmidlar. Barne-, ungdoms- og

familieetaten (Bufetat) har dei siste åra stramma inn på refusjonsordningar i forsterka fosterheimplasseringar og auka den kommunale eigenandel i statlege barnevernsinstitusjonar. I 2015 vart den sett til kr. 65 000 per månad. Stord kommune har i dag tre barn plasserte i institusjon, noko som medfører ein kostnad på 2,34 mill. kr. per år.

I budsjett for 2015 fekk barnevernstenesta ei styrking på 4,9 mill. kr. Prognosen tilseier likevel eit negativt avvik på 3,8 mill. kr. I forslag til budsjett for 2016 er ramma auka med ytterlegare 4,5 mill. kr. Barnevernet har med det fått budsjetttrammer for gjeldande aktivitetsnivå.

## 5.4 KOMITÉ FOR NÆRING, MILJØ OG KULTUR

Det er føreslege i om lag 2,3 mill. kr. i tilskot/driftsstøtte til kultur- og idrettsorganisasjonar m.m. i 2016 slik:

- |                               |            |
|-------------------------------|------------|
| • Sunnhordland museum         | kr 610 000 |
| • Friluftsrådet vest          | kr 310 000 |
| • Stord idrettspark AS        | kr 800 000 |
| • Frivilligsentralen          | kr 378 000 |
| • Stord sogelag               | kr 10 000  |
| • Sunnhordland kammerorkester | kr 25 000  |
| • Falturiltu barnebokfestival | kr 100 000 |
| • Gards- og ættesoge          | kr 75 000  |

Det er forslag om at Komité for næring, miljø og kultur i tillegg får fullmakt til å disponera kr 250 000 til kulturføremål.

### 5.4.1 Kulturtenester

Budsjettet til Stord kommunale kino blir ført på eige ansvar. For 2016 er kinoen budsjettert med eit overskot på kr. 179 000. I framlegget til statsbudsjett føreslår regjeringa å auka meirverdiavgifta frå 8 til 10 prosent. Det skal også innførast meirverdiavgift på andre kulturtenester.

Rehabiliteringsplanen for Kulturhuset er følgt opp i budsjettforslaget med 2,8 mill. kr. i perioden.

Flygelet i Kulturhuset vart øydelagt i mai 2012. Stord musikkråd har oppnemnd ei prosjektgruppe som skal vera pådrivar for å få nytt konsertflygel. Målet er at ein skal få inn 50 prosent av kostnadane til eit konsertflygel. Det er sett av kr. 1,1 mill. til investering og oppgradering av utstyr i Kulturhuset for 2016 og kvart år i resten av perioden. I lag med Stord musikkråd bør difor kjøp av nytt flygel kunna realiserast i 2016.

Tilrettelagt fritid (tidlegare støttekontaktordninga) skal vidareføra eksisterande og setje i gong nye tilbod. Ei viktig oppgåve neste år er kurs og opplæring av oppdragstakarar.

Venelaget for Gruo har søkt om støtte til å finansiere reparasjon på det ytre taket på heistårnet på Stordø Kisgruber. Utgiftene er berekna til kr. 870 000. Det er Stord kommune som eig tårnet og er ansvarleg for vedlikehald. I 2015 løyvde kommunen kr. 490 000 til reparasjon innvendig i heistårnet, men under arbeidet kom det fram fleire svakheter som krev reparasjon utvendig. I budsjettforslaget er det ikkje funne rom til dette tiltaket.

Eininga vil vidareføra arbeidet med å sikra og å synleggjera arkeologiske kulturminne gjennom skjøtsel og formidling av kunnskap om kulturminner til innbyggjarane. Arbeidet vert utført i samarbeid med Hordaland fylkeskommune, Stord sogelag, barnehagar og skular. I 2015 løyve Hordaland fylkeskommune kr. 180 000 til nye skilt i Hystadmarkjo. For 2016 vil ein søkja om ytterlegare midlar til skjøtsel.

Eigedomstilhøva til Leirvik fyrstasjon er no avklart. Kommunen har fått utbetalt tilskot frå Miljødirektoratet til å betre lendinga. Likevel krev det eigenfinansiering og det er sett av kr. 1,0 mill. i 2016 for å få på plass ein sikker lendingsplass.

Komité for næring, miljø og kultur bad i PS 37/09 om at det vart sett i gang eit arbeid med busetnadssoge for Stord. Saka er så langt ikkje følgt opp. Lokalhistorisk prosjektgruppe ser for at prosjektet vert gjennomført over ein fem-års periode og skal innehalda følgjande:

«Busetnadssoga skal fortelja historia om kvar matrikelgard (gardsnummer), kvart husmannsplass og kvart bustad- og næringsområde, men også ha med

relevant dokumentasjon om kvar eigedom/hus med vekt på tilhøyrande personopplysningar knytt til husstand eller familie fram til i dag. Alle som har butt og bur i kommunen skal vera med. Minimumsopplysningar for kvar person er noverande og evt. tidlegare namn, fødselsår og evt. dødsår, saman med yrke/arbeidsstad. For inn- og utflytte vil ein ha med kva kommune eller land folk kjem frå eller har slått seg ned i, saman med tilvisingar til andre bygdebøker e.l. For den nyaste tida må arbeidet gjerast ved hjelp av opne kjelder og i samarbeid med dei enkelte husstandane, anten det er snakk om enkeltpersonar eller store familiar.»

Rådmannen har heller ikkje funne rom for prosjektet i komande års budsjett, ut over den «faste» løyvinga på kr. 75 000. Bokverket er kostnadsrekna til rundt 10 mill. kr. (til frådrag kjem inntekter frå boksal). Rådmannen er redd dette er eit forsiktig anslag for ein kommune av Stord sin størrelse. God organisering og ressursar til oppfølging vil uansett vera ein føresetnad for å gå i gang med eit slikt prosjekt.

Stord kommune har i 2015 gjennomført ei oppgradering av Torget i Leirvik. Budsjettet legg opp til ei vidare opprusting av området Torget-Vidsteenparken. Det ligg inne ei løyving på kr. 200 000 i 2016 til planlegging. Det vert lagt opp til at Komité for næring, miljø og kultur tek stilling til plannivå i ei eiga sak. Det er vidare lagt inn 2 og 1,9 mill. kr. i åra 2017 og 2018. Hordaland fylkeskommune er søkt om til saman 4 mill. kr. i regionale utviklingsmidlar til prosjektet.

Det er lagt inn kr. 76 000 til 17. mai-feiringa i Leirvik, Sagvåg og på Huglo.



## 5.4.2 Idrett og friluftsliv

Komit  for n ring, milj  og kultur (NMK) vedtok i 2015 rehabiliteringsplan for n rmilj anlegg i Stord kommune 2015-2025. I forslag til  konomiplan er det fr  2017 og kvart  r resten av  konomiplanperioden lagt inn kr. 0,5 mill. til ballplassar/n rmilj anlegg. Det er i tillegg i perioden lagt inn til saman kr. 2,7 mill. til friluftssareal og turstiar.

Tilstanden p  Rackethallen er vurdert i samband med skader p  tak i rapport fr  Procon AS i 2013. Rapporten konkluderer med at det med ei minimumsl ysing (mellombels forsterking av tak), vil ein med systematisk oppf lgjing og bruksrestriksjonar ved uv r kunne rekne med ei restlevetid p  inntil tre  r. Ei slik minimumsl ysing vart gjennomf rt i 2013, for levetid ut over dette m  det gjerast st rre investeringar, eventuelt byggjast ny hall. Stord vidareg ande skule er ein stor brukar av hallen. Kommunen har vore i kontakt med Hordaland fylkeskommune for eit eventuelt samarbeid om nybygg/rehabilitering. Fylket vil ikkje ta stilling til dette f r dei har rullert skulebruksplanen for det vidareg ande skuleverket i juni. Endeleg avklaring fr  fylkeskommunen er ikkje venta   liggja f re f r i desember 2016. Stord kommune b r avventa   ta stilling til sp rsmålet f r slik avklaring ligg f re. Det er lagt inn kr. 100 000 p  budsjettet for 2016 og kr. 13 mill. i 2017. Kostnadar til riving av eksisterande hall og bygging av ny rackethall er estimert til rundt kr. 41,0 mill.

I forslaget til  konomiplan 2016-2019 ligg det inne samla kr. 5,5 mill. til oppf lgjing av rehabiliteringsplanen for idrettshallane. Rehabilitering av kunstgrasbanen er f rt opp med kr. 2,7 mill. i 2016. Ein f reset at prosjektet f r kr. 900 000 i spelemidlar.

2015 er friluftslivets  r. Friluftsliv vert sett p  som eit viktig verkemiddel for   betra folkehelsa. Ein har saman med Friluftsr det Vest fullf rt grunneigaravtalane om turveg rundt  dlandsvatnet. Dette har lenge vore eit ynskje fr  innbyggjarane og kan sporast i kommunale planar attende til tidleg 1980-tal. Stord vatn og avlaup KF vil leggja ny reservevassleidning i delar av traseen og i  dlandsvatnet, dette utgj r st rstedelen av kostnadane og vert dekkja av dei. Traselengda er 4,2 km og det er prosjektert med lys p  delar av strekninga. Samla kostnadsoverslag er no om lag kr. 25 mill. Kommunen si netto utgift utanom Sva KF er 1,5 mill. kr.

## 5.4.3 Bibliotek

BIBLIOTEK	M�L	Resultat 2014		
	2016	Stord	Grp. 8	Landet
Utl�n alle medium fr� folkebibliotek per innbyggjar	4,0	2,2	4,2	4,5
Bes�k i folkebibliotek per innbyggjar	4,0	1,5	4,5	4,2

Stord har etter KOSTRA for 2014 f  tilsette i bibliotektenesta i h ve til same kommunegruppe. I Stord er det 4247 brukarar for kvar tilsett, mens det i kommunegruppa er 3393. L yvinga til biblioteket er kr. 197 pr. innbyggjar, mens gjennomsnittet for kommunegruppa er kr. 245 pr. innbyggjar

Folkebiblioteket er vidaref ret p  om lag same niv  som i 2014. Komit  for n ring, milj  og kultur vedtok i sak 14/14 Bibliotekplan 2014-2018: «Stord folkebibliotek-m testad for kunnskap og kultur». Planen er tenkt   vera eit reiskap for planlegging og prioritering i  ra som kjem. Planen beskriv sju strategiar, med tiltak under kvar av desse. Strategiane gjeld mellom anna korleis bibliotektilbodet skal gjerast kjent og tilgjengeleg,

bibliotektenesta for barn og ungdom, ny teknologi, nye media i biblioteket og formidling av kunnskap og kultur. Ein strategi er s rleg knytt til utvikling av biblioteket som sosial m teplass og debattarena. Ein annan viktig strategi er samarbeidet med andre bibliotek og samarbeidspartnarar. Til slutt er det i planen eit oversyn over planar og tiltak i perioden 2014-2018 med vekt m.a. p  mediasamling, automatisering, utviding av opningstider og bibliotektenesta for barn og ungdom.

Biblioteket legg opp til kjøp av meir utstyr til sj lvbetent utl n og elles fornying av utstyr/media med kr 200 000 kvart  r i  konomiplanperioden.

#### 5.4.4 Brann, redning og feiing

MÅLEKART BRANN, REDNING OG FEIING	MÅL			
	2016	Stord 2014	Stord 2013	Stord 2012
Bustadbrannar	0	5	7	2
Tilsyn §13	130	110	99	80
Feiing bustader	3586	3500	2274	3162
Tilsyn bustader	1000	522	592	500

Budsjettet er vidareført på om lag same nivå som i 2015 med eit forventa moderat tal brannar og ulukker. Det er framleis ein usikkerheitsfaktor at ein er avhengig av inntekter frå utleige av personell. Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap krev høg kompetanse, særleg for befal og utrykkingsleiarar. Ved skifte av mannskap medfører dette store kostnader for kommunen i form av opplæring, noko det ikkje i fullt mon er teke høgde for i budsjettet.

Det ligg inne kr 0,5 mill. kvart år til fornying og vedlikehald av utstyr i planperioden. Rådmannen har ikkje funne rom for å legge inn midlar til ny befalsbil. Dagkaserering av mannskap og ombygging til dette ligg inne i 2018.

#### 5.4.5 Beredskap

Kommunane skal vera i stand til å halda oppe viktige samfunnsfunksjonar og ta vare på folk sine liv og grunnleggjande behov under ulike former for påkjenning. Forskrift om kommunal beredskapsplikt stiller krav om heilskapleg og samordna planlegging. Stord kommune skal halda fram arbeidet med å førebyggja kriser og svikt i viktige samfunnsfunksjonar.

Stord og Fitjar har ein overordna ROS-analyse frå 2014 med ei oppsummering av førebyggjande og konsekvensreducerande tiltak. Denne skal rullerast kvart 4. år. Det er sett i verk eit prosjekt med rullering av beredskapsplanverket og kommunen har fått skjønsmidlar frå Fylkesmannen til dette arbeidet. Beredskapsplan for administrasjonen skal reviderast og det er ei målsetting å kunna presentera ein felles mal for einingane sin revisjon av eige planverk.

Redningspersonell og legevaktordninga tek del i lokale større øvingar etter fastlagd plan organisert av eit øvingsutval som vert leia av politidistriktet. I tillegg er det ei lokal gruppe som legg til rette for lokale redningsøvingar innafor kommunane knytte til legevaktdistriktet. Den interkommunale legevakta kan lett styrkast ved ei større hending som krev ressursar ut over det daglege. Psykososiale kriseteam er organisert i kommunen, men utan at desse inngår i ei vaktordning.

Nytt naudnett er etablert, men enno ikkje teke fullt i bruk. Dette har gitt ei kvalitetsheving teknisk og i dekningsgrad, men òg auka kostnader for kommunane. Beredskapsfondet som i si tid vart oppretta med tanke på å kunne ta høgde for variasjonar i alt frå ulukker og brannar til snøbrøyting/strøing o.l. er ikkje vidareført.

#### 5.4.6 Landbruk, miljø og næring

Stord-Fitjar landbruk- og miljøkontor (SFLMK) er vidareført på same nivå som i 2015. Det er teke høgde for kr 100 000 som eit tilskot til veterinærvakta. Denne tenesta, som er eit kommunalt ansvar, er ikkje lenger sjølvfinansierande. Signala er at det også er lagt inn løyvingar til tenesta i dei andre kommunane i vaktområdet, Bømlø, Fitjar og Austevoll. Gebyr for havbrukssaker er auka med 10 prosent, dei andre satsane er makssatsar nedfelt i forskrift og er uendra frå 2015.

Det er for 2016 føreslege å fordela 1,3 mill. kr til diverse samarbeidstiltak og næringsføremål slik:

- Hordaland olje og gass, driftstilskot kr 50 000
- Haukelivegen AS, driftstilskot kr 37 500
- Samarbeidsrådet for Sunnhordland kr 568 800
- Samarbeidsrådet, reiselivssatsinga kr 227 400
- Medlemskontingent Stord næringsråd kr 30 000
- Atheno AS, Maritim industriinkubator kr 150 000
- Atheno AS, Ungt entreprenørskap kr 65 000
- Liv og lyst Litlabø kr 30 000
- Kjøp av førstelinetenester for næringsetabl. kr 150 000

Det er i tillegg forslag om at Komité for næring, miljø og kultur får fullmakt til å disponera kr 100 000 til næringsføremål.

Kommunestyret sa i samband med sak PS 39/14 at ein ville ta stilling til disponering av avsetting til næringsfondet på kr 977 384,66, inntekter frå sal av S-lab aksjar, i samband med budsjettet for 2015. Avsettinga er foreslått nytta til delfinansiering av løyvingane til nærings- og samarbeidstiltak som er nemnt over.

Kommunen har avtaler med Atheno AS og Samarbeidsrådet for Sunnhordland om kjøp av førstelinetenester for næringsetablerarar etter medgått tid.

Opplegget med turistinformasjonsteneste i rådhuset og i kulturhuset vil bli vidareført. Reiselivssatsinga i regi av Samarbeidsrådet for Sunnhordland vert vidareført med til tilskot tilsvarande kr 12 per innbyggjar.

#### 5.4.7 Sunnhordland lufthamn AS

Stord kommune har ikkje motteke søknad frå lufthamna om driftsstøtte for 2016.

#### 5.4.8 Regulering, byggjesak, oppmåling

Sakshandsamingstid er gjennomsnittstid for alle handsama saker målt i dagar. Del søknader med overskriden frist er i prosent av alle saker med lovpålagd sakshandsamingstid. Det er eit klart mål at alle saker skal handsamast innanfor lovpålagd handsamingstid og at måлтаlet her skal vera 0. Eininga mister gebyrinntekter på saker der ein ikkje klarer overhalde tidsfristane.

Måltal for gjennomsnittleg handsamingstid for alle typer saker er sett som føregåande år, med endring av at ein har redusert måлтаlet på sakshandsaming reguleringsplan frå 240 dagar i 2015 til 200 dagar i 2016. Dette er eit ambisiøst mål, men vert vurdert viktig med omsyn på dei private planfremjarane. 2014 var eit spesielt år m.o.t. plansakshandsaming ved at berre éin plan vart ført fram for Kommunestyret for endeleg vedtak. Sakstilfanget/marknadssituasjonen var på historisk lågt nivå.

Den gjennomsnittlege sakshandsamingstida for alle typarsaker vil vera eit resultat av talet på saker, type saker, kvaliteten på søknadane og sakshandsamingskapasiteten. Det er framleis mange søknader med feil og manglar som dreg den gjennomsnittlege handsamingstida opp. I 2014 var kapasiteten på byggjesaksavdelinga redusert grunna vakanse med 1/3 frå medio august. Dette viser att på gjennomsnittleg sakshandsamingstid. Ein har likevel greidd å få ned talet på saker der eininga bryt pålagt sakshandsamingstid.

#### REGULERING, BYGGESAK OG OPPMÅLING

	2016	Stord 2013	2014	Landet 2014
Gj.snitt sakshands.tid for priv. forslag til detaljreg. (kalenderdagar)	200	160	257	245
Sakshandsamingstid, oppmålingsforretning (dagar)	70	40	111	
Del søknad om tiltak der kommunen har brote pålagt sakshandsamingstid(%)	0	6	10	
Gj.snitt sakshandsamingstid for byggjesaker med 12 vekers frist	42	70	56	38
Handsamingstid, rammesøknader (dagar)	42	70	60	
Eitt-trinns søknad utan ansvarsrett	15	18	21	

Sjølvkostprinsippet vart innført f.o.m. 2013 ved føring av overskot/underskot mot fond. Det vert framleis arbeid med korreksjonar av sjølvkostmodell og kartlegging i høve kor stor del av arbeidet på dei ulike avdelingane (oppmåling og plan) som etter lova kan gebyrfinansierast. Det er alltid ein usikkerheit knytt til gebyrinntektene då dei er avhengige av byggeaktiviteten, talet på saker og type saker. Slik er eininga svært avhengige av marknadssituasjonen. Anslåtte gebyrinntekter er justert ned på budsjett for 2016 på både plan og oppmåling i høve erfaringstal frå 2014 og så langt i 2015. Både plan- og oppmålingsgebyra vart auka i 2015. Det er ikkje framlegg om å auka gebyra.

Rådmannen føreslår å finansiere opp ei heil planstilling (auke frå 50 til 100 prosent stilling) for å styrka overordna planlegging. Vedkomande skal, i tillegg til å fylgje opp alle pågåande regionale planprosessar samt dei store planarbeida kring viktig samferdselsinfrastruktur, også ha ansvar for gjennomføring av kommuneplanlegging (arealplan). Dette medfører at 50 prosent stilling vert flytta bort frå RBO. Inntektssituasjonen på sjølvkostområdet/kjøp av plantenester frå RBO frå andre kommunale einingar/ strategisk leing vil vera avgjerande i høve dei vurderingane som lyt gjerast på om den vakante stillingsressursen f.o.m. 1.1.16 skal lysast ut, og om den evt. vil kunna aukast til 100 prosent stilling.

### 5.4.9 Fagavdeling for veg, trafikk og parkering (VTP)

Rådmannen har etter vedtak i kommunestyret sak PS 3/14 overteke det administrative ansvaret for fagområdet veg, trafikk og parkering frå 1. januar 2015. Eininga er mellombels organisert som ei fagavdeling under Strategisk leiing.

Driftsavtalen med Sunnhordland kraftlag vert reforhandla hausten 2015, og det er i løpet av 2015 komen fleire lyspunkt som kommunen pliktar å vedlikehalda og drifta. Det er lagt inn ein auke på 0,2 mill. kr. i 2016.

Budsjettet føl opp Hovudplan veg. Kommunestyret vedtok i sak PS 20/14 at planen skal følgjast opp med ei investeringsramme for asfaltering på 4,8 mill. kr. per år. Følgjande er prioritert i perioden: Sponaviksdalen, Rindane, Grov, Hadlabrekko og Grunnavaågen.

Det er lagt inn kr. 1,0 mill. til oppfølging av Kommunedelplan Trafikksikring. Prioriterte prosjekt i 2016 vil vera fortau i Hornelandsvegen og trafikksikring Litlabø skule med fortau og snuplass. Reguleringsplan for Hornelandsvegen skal prioriterast i 2016. Det er vidare føreslått kr. 2,0 mill. til samarbeidsprosjekt i 2016, der fortau i Kåreviksvegen, opprusting Sponaviksdalen og Bjellandsvegen vil bli prioritert. I økonomiplanen er det frå 2018 ført opp kr. 1,0 mill. kvart år til LED gatelys som eit energisparande tiltak. Budsjettforslaget har kr. 0,7 mill. til diverse utstyr til VTP.

## 5.5 KOMITÉ FOR REHABILITERING, HELSE OG OMSORG

MÅLEKART OMSORGSTENESTER	MÅL	Resultat SSB			
	2016	Stord 2014	Stord 2013	Grp. 8 2014	Landet 2014
Del årsverk m fagutdanning	≥ 80	80	81	77	75
Del årsverk m fagutdanning frå høgskule/ universitet	≥ 44	44	41	35	34
Snitt tildelte timar i heimen, heimesjukepleie	> 9,3	9,3	7,7	5,8	4,6
Snitt tildelte timar i heimen, praktisk bistand	< 7,7	7,7	7,0	8,2	9,0
Heimeten.mottakarar med omfattande bistandsbehov, 67 år og over i prosent	≤ 29,3	24,2	19,5	15,9	12,8
Brukarar i institusjon med omfattande bistandsbehov (langtidsopphald) i prosent	> 91,7	*	91,7*	82,6	81,7
Tid med lege per veke per bebuar i sjukeheim (timar)	> 0,41	0,41	0,41	0,46	0,49
Tid med fysioterapi per veke per bebuar i sjukeheim (timar)	> 0,17	0,17	0,17	0,33	0,39
Mottakarar av heimetenester , pr 1000 innb, 80 år +	305	305	325	332	331

\*Talet er frå 2012. Dei siste to åra viser ikkje Kostra desse tala for Stord.

RHO-tenestene har høg kompetanse blant dei tilsette. Nye oppgåver er lagt til kommunen i samband med Samhandlingsreforma og det er naudsynt å auka kompetansen ytterlegare. I eit lokalt samarbeidsprosjekt vert ufaglærte tilsette utdanna til helsefagarbeidarar.

Terskelen for å få helsefagleg hjelp er høg, og personar med størst behov vert prioritert. For å nytta ressursane mest mot dei med omfattande behov prøver ein å frigjera ressursar frå praktisk bistand.

Tabellen viser at det er relativt mange med omfattande bistandsbehov som bur i eigen heim. Presset på institusjonsplassar er stort. Det vert difor planlagt bygging av nye plassar i 2017.

MÅLEKART HELSETENESTER	MÅL	Resultat SSB			
	2016	Stord 2014	Stord 2013	Grp. 8 2014	Landet 2014
Legeårsverk pr 10000 innb	11,7	11,7	11,4	9,8	10,3
Snitt listelengde fastlegar	974	974	1008	1095	1132
Reservekapasitet fastlege	104	104	100	104	104
Årsverk fysioterapeutar pr 10000 innb	5,6	5,6	5,5	6,6	7,3
Årsverk ergoterapeutar pr 10000 innb	>3,2	3,2	3,3	2,6	3,6
Årsverk psyk sjukepl pr 10000 innb	7,0	7,0	6,0	3,8	4,2
Årsverk av helsesøstre pr 10000 innb. 0-5 år	62,9	62,9	-	65,3	62,4
Årsverk av jordmødre pr 10000 fødte	39,7	39,7	-	53,0	48,7

Pasientrettslova krev at folk får godt nok høve til å velja og byta fastlege. Det må og vera kapasitet til vurdering hjå annan allmennlege («second opinion»). Stord kommune satsar på låge listelengder som gjev god tilgjenge til fastlege og grunnlag for godt samarbeid mellom fastlegane og dei andre helse- og omsorgstenestene. Det er likevel ei utfordring å kontinuerleg ha ledige listeplasser hjå fleire legar.

Det er låg dekning av fysioterapeutar. Fleire er etablert utan avtale, og desse kjem ikkje fram i tal på årsverk som vert utført i kommunen. Tal for 2014 inkluderer heimerehabilitering.

Ergoterapidekninga er god i høve andre kommunar, medan dekninga på jordmortenester er låg. Det er mogleg at unge legar og god tilgjenge på kvinnelege legar reduserer etterspurnaden etter jordmortenester.



MÅLEKART NAV KOMMUNE	MÅL	Resultat SSB			
	2016	Stord 2014	Stord 2013	Grp. 8 2014	Landet 2014
Snitt stønadslengde 18-24 år , mnd.	>4	3,9	3,7	*	*
Snitt stønadslengde 25-66 år, mnd.	>4	3,6	3,4	*	*
Del som går over 6 månader på stønad i %	>20	23	19	33	35
Deltakarar i Kvalifiseringsprogrammet 18-66 år	<13	13	18		

\*Kostra viser ikkje måletal for 2014

Høge prisar på leigemarknaden kan forklara kvifor det er auke stønadslengd for alle grupper. Personar med låge trygdeytninga er likevel særleg utsette. Alle som søkte på Kvalifiseringsprogrammet i 2014 fekk plass.

Det er venta ein meir utfordrande arbeidsmarknad i 2016, noko som kan føra til auka pågang på tenestene. Auka konkurranse om NAV Stat sine tiltak kan føra til at det blir lengre stønadsperiode for dei som har behov for økonomisk sosialhjelp.

## Status

Samhandlingsreforma vart innført for fire år sidan og samarbeidet med spesialisthelsetenesta går seg stadig meir til. Reforma gir seg mellom anna utslag i større behov for tilrettelegging i heim og formidling av hjelpemiddel, noko som igjen gir auka press på fysio- og ergoterapitenestene. Det er frigjort lønsmidlar til 50 prosent stilling til hjelpemiddelformidling, montering, reoperasjon o a.

Kommunale akutt-døgnplassar for somatiske pasientar er vedtekne oppretta i nytt bygg ved sjukehuset. Dette er eit samarbeid mellom Fitjar, Bømlo og Stord kommunar. Regjeringa vil styrke tenestetilbodet til personar med rusproblem og personar med psykiske helseutfordringar. Innføring av betalingsplikt for utskrivingsklare pasientar innanfor desse felta er varsla frå 2017. Vidare vil krav om kommunalt akutt- døgntilbod omfatta brukarar med psykisk sjukdom og/ eller rusproblem frå 2017. Kommunen må førebu seg på dette. Ein ser alt no at fleire brukarar på tvunge psykisk helsevern vert skrivne ut frå spesialisthelsetenesta med krav om kommunale tilbod. Samarbeidet mellom helseføretaket og kommunane er regulert i 11 avtalar.

Det er framleis stort press på kommunen sine institusjonsplassar. Fleire omsorgstrengande heimebuande burde hatt institusjonsplass, og kommunen klarar ikkje å ta imot alle ferdigbehandla pasientar frå Helse Fonna. For å avhjelpa denne situasjonen har kommunen omgjort 10 husvære til 8 omsorgsbustadar med heildøgnsomsorg (HDO). Drift av dette tilbodet er lagt inn med heilårsverknad i 2016 og kan redusera noko av presset på institusjonsplassar.

Planlegginga av ny institusjon med inntil 40 plassar ved Backertunet har kome i gong. Ein tek sikte på å setje i drift 5 nye plassar årleg frå 2017. Opning av nye plassar gjev høve til rehabilitering av den eldste delen av Stord sjukeheim. Det er sett av kr. 51,0 mill. til dette i slutten av økonomiplanperioden. Utskrivingsklare pasientar kommunen ikkje klarar å gje forsvarleg tilbod til, og som då vert liggjande på sjukehus, må kommunen betala døgnpris for til helseføretaket.

Kommunen deltek for andre året i Bustadsosialt velferdsprogram i samarbeid med Husbanken. Hovudmålet er at fleire vanskelegstilte skal få stabile og varige butilhøve. Som ein del av programarbeidet fekk konsultentselskapet Rambøl oppdraget med å analysere kommunen sin innsats på det bustadsosiale området. Rapporten deira peikar på fleire område med forbetringspotensiale og programmet har teke fatt i desse. Bustadsosial handlingsplan er under revisjon. Kommunen har elles samarbeidsprosjekt med mellom anna Helse Fonna, NAV, Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester i Hordaland. Desse går på psykiatri, førebygging av fall og trykksår.

Planarbeidet for nye dagplassar for personar med utviklingshemming og nye institusjonsplassar er starta opp. Til neste år startar arbeidet med å planlegge bufelleskap for personar med utviklingshemming.

Det er sett av kr. 1,0 mill. i kvalitetsutviklingsmidlar. Midlane er tenkt til blant anna frikjøp av ressursar til kvalitets- og effektiviseringsprosjekt. Frikjøp er ein føresetnad for slike prosjekt i og med at tilsette i denne sektoren er bundne opp i turnus og ikkje kan frigjerast utan vikar.

## Utfordringar

Det er stort press på heimetenestene, og dette vil tilta i åra som kjem. Det er liten grunn til å tru at ressursane vil auka tilsvarande, og det er difor behov for å vri tenesteytinga slik at me kan setja inn større samordna innsats tidleg i pasient-/brukarforløpet, ikkje minst overfor innbyggjarar som vert lagt inn på sjukehus og på Rehabiliteringssenteret. Tidleg innsats vil gje redusert hjelpebehov.

Kommunen har i dag 676 innbyggjarar over 80 år. Dette talet vil auka noko fram mot 2020, for så å få ei bratt stigning fram mot 2040. Då vil det vera om lag 1 644 innbyggjarar over 80 år. Dei over 90 år vil venteleg auka frå 114 i år til 359 i 2040. Barn i skulealder og innbyggjarar i arbeidsfør alder aukar i same tidsrommet med rundt 20 prosent. Det vert slik fleire hjelpetrengande innbyggjarar og færre til å gi naudsynt omsorg. Kommunen må planleggja naudsynte tiltak for å vera i forkant av utviklinga.

I tillegg til utbygging av institusjonsplassar vert det utprøvd ulike former for velferdsteknologi, som kan avlasta omsorgstenestene. Samstundes vert det jobba førebyggjande med heimerehabilitering og heimebesøk til alle i ein bestemt årsklasse. I tillegg har Frisklivssentralen fleire førebyggjande tilbod.

Det er viktig å få informasjon ut til innbyggjarane om at ein og har eige ansvar. Dette går særleg på å vurdere om ein kan bli gamal i bustaden ein bur i dersom helsa sviktar. Kommunen har eit rettleiingsansvar dersom bustaden treng ombygging.

Når kommunen får fleire og nye oppgåver, må ein heile tida vurdere om ein har nok og rett kompetanse. For å ivareta dette er det laga kompetanseplan. I dag tek ein del tilsette vidareutdanningar, og kommunen driv eit eige prosjekt med opplæring av assistentar for kvalifisering til fagprøve og me har internopplæring.

### 5.5.1 Sosialtenester, NAV

Det er i 2015 vedteke auka busetjing av flyktningar frå 20 til 35. I tillegg kjem familiesameiningar. Med bakgrunn i fleire oppmodingar frå sentrale styresmakter om auka busetjing, føreslår rådmannen å auka talet til 42 pluss familiesameiningar i 2016. Budsjettet er styrka noko for å gjennomføra auken, men det lyt strekast under at det er knytt ein del uvisse til kostnadsbiletet.

NAV driv tiltak særleg retta mot ungdom, finansiert over ordinær drift og prosjektmidlar frå Fylkesmannen. Det er viktig å oppretthalda slike tiltak framover, då det er venta ein auke i den yngste brukargruppa som konsekvens av utvikling i arbeidsmarknaden lokalt med færre lærlingplassar og nedbemanning.

«Springbrettet» er eit tiltak der NAV har eit tidlegare og tydlegare arbeidsretta fokus på tenestene. Her vert det stilt vilkår for ordinære arbeidssøkjjarar som oppsøker NAV for å få stønad. Tiltaket er drifta med tilskot frå Fylkesmannen og kan drivast første halvår 2016, men vil vera avhengig av ytterlegare tilskot for andre halvår.

### 5.5.2 Sosial og førebyggjande tenester (SOFT)

SOFT består av ni ulike tenester for born, unge og vaksne; førebyggjande helsetenester, helsestasjons- og skulehelseteneste, spesialpedagogisk team, pedagogisk psykologisk teneste (PPT), utekontakt, samordning av lokale kriminalitetsførebyggjande tiltak (SLT), program buoppfølging i Stord kommune (PROBIS), Koordinerande tillitsperson, Hamna kontaktsenter og medikamentassistert rehabilitering (MARIS).

#### Utviklingsområde

«Betre Tverrfagleg Innsats» og psykisk helse er utviklingsområde SOFT skal jobba med, og som vil involvera alle dei ulike tenestene for barn og unge. Målet er at oppveksttenestene skal vera tidlegare inne med å avdekkja vanskar hjå barn og unge, og kunna gi dei rette og gode tenestene. I 2016 skal alle tenestene i SOFT og samarbeidspartar som arbeidar med born og unge delta i opplæringsprogrammet «Tidleg inn». Målet med opplæringa er styrking av tidleg intervensjon og handling i høve psykisk helse, rusmidlar og vald i nære relasjonar.

Psykiske vanskar og lidingar hjå barn og unge kan føra til manglande trivsel, lære vanskar og funksjonsvanskar i heim og skule. På nasjonalt nivå reknar ein at 15–20 prosent av barn mellom 3 og 18 år til ei kvar tid har nedsett funksjon pga. symptom på psykiske lidingar. Undersøkingar tyder på at halvparten av desse, vil ha trong for behandling frå kommunale tenester eller frå spesialisthelsetenesta. (Prop. 1 S (2013–2014), Helse- og omsorgsdepartementet)

Stord kommune har lenge hatt SLT-modellen og SLT-koordinator som skal samordna lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak. Dei siste åra har ein jobba aktivt med, og fått økonomiske støtte frå KRÅD (Det kriminalitetsførebyggjande råd) til Ungdomskontraktar som er eit rusførebyggjande tiltak. No får ein ikkje lengre ekstern støtte til dette og ein har heller ikkje funne rom for å prioritere det i budsjett for 2016.

#### Brukarar med rus- og psykiatriproblematikk

I høve brukarar som har budd lenge på institusjon med rus og psykiatriproblematikk vert det forventa at kommunen skal gje desse eit tilbod. Fleire har omfattande behov for oppfølging og kommunen må lage særskilde tilrettelagde tilbod ofte med oppfølging for å kunne ta imot desse. I budsjett for 2016 er det lagt inn 0,4 mill. kr. til rehabilitering av kommunal bustad i Åkervikåsen slik at det kan bli tilrettelagt bustad med oppfølging for vanskeligstilte.

Kommunen får tilskot frå fylkesmannen til prosjekt der ein jobbar mot personar med ROP-lidingar (rus og psykiatri), Stordmodellen. Her er det sentrale å hjelpa desse med å skaffa seg bustad og gje dei heilskaplege og samanhengande tenester for at dei skal klara å fungera stabilt. Det vert jobba tverrfagleg saman med NAV og kommunalt eigeidomsføretak i høve aktuelle brukarar.

Hamna kontaktsenter er eit lågterskeltilbod for personar med psykiske vanskar, der det er tilsett 3,5 årsverk. Det siste halvåret har i underkant av 100 personar hatt kontakt med senteret, og 15 personar har oppfølging av tiltaket IGONG. I budsjett for 2016 har ein redusert resursane til kontaktsenteret med 0,3 mill kroner.

### 5.5.3 Habilitering

Det er ikkje på alle områder samsvar mellom tildelte tenester og faktisk grunnbemanning innanfor Eining for habilitering. Ein reknar likevel med å få til forsvarleg drift gjennom å utnytta synergjar i bufellesskap og dagtilbod. Budsjettet tek ikkje høgde for nye brukarar/vedtak og er slik sett sårbart for avvik.

Fleire av brukarane er blitt eldre og har fått endra hjelpebehov. Det har ført til eit tettare samarbeid med fastlegar og spesialisthelsetenesta. Nokre brukarar krev to følgjepersonar og må ha to hjelparar ved stell og forflytting. Fleire kan ikkje lenger nytta seg av dagtilbodet og må vera heime i bustaden kvar dag. Dette fører til auka behov for ressursar på dagtid i bustadane.

Arbeidet med nytt dagtilbod på Sæbø gard er kome i gong. Forstudie vart lagt fram for komité for rehabilitering, helse og omsorg hausten 2015. Bygget er førebels kostnadsrekna til kr. 28, 6 mill. og er planlagt ferdig i 2017. Driftskostnadene vil ha ei gradvis opptrapping til om lag kr. 3,4 mill. ved full drift.

### 5.5.4 Institusjonsdrift

Det ligg inne samla 115 mill. kr. til bygging av inntil 40 nye sjukeheims plassar i 2016 og 2017. Det er lagt opp til å ta i bruk fem nye plassar kvart år frå 2017.

Fleire særleg ressurskrevjande bebuarar ved institusjonane passerer i 2016 67 år, som er øvre aldersgrense for tilskotsordninga for særleg ressurskrevjande brukarar. Det inneber at ein i 2016 fortsatt har dei same utgiftene men får 2,5 mill. kr. mindre i tilskot.

Ein ser og auke i talet på særskilt krevjande pasientar innanfor demensomsorga. Det er både resultat av at fleire får sjukdommen og at behandling av pasientar har endra

seg dei siste åra. utfordringar knytt til demenssjukdom er ikkje nødvendigvis relatert til alder.

To team frå Knutsaåsen omsorgssenter skal vera med på nettverk i regi av «Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester» i Hordaland, med tema førebygging av fall og trykksår. Ut over dette er drifta på institusjonane vidareført på om lag same nivå som i 2015.

### 5.5.5 Aktivitet og rehabilitering

Detersettavfem plassar (avtilsaman 14) ved døgnavdelinga på Rehabiliteringssenteret til rehabiliteringsopphald. Dette er eit minimum for at fleire skal kunne bu heima og klara seg sjølv i framtida. Ein prioriterer difor førebyggjande tiltak som heimerehabilitering og Frisklivssentralen. Heimerehabilitering er eit tiltak for intensiv hjelp til sjølvhjelp og er eit framtidretta tiltak med gode resultat. Tiltak i Frisklivssentralen er tilbod til innbyggjarar som slit med å endra livsstil og har mål om betre helse og velvære.

Prosjektet «Godt liv for godt vaksne» er i startgropa med mål om aktive og meningsfulle dagar for seniorar og eldre. Tiltaka skal motverka einsemd, passivitet og sosial tilbaketrekking og skapa aktivitet, deltaking, sosialt fellesskap og møteplassar. Eit anna førebyggingsprosjekt er «Lengst mogleg aktiv i eige liv». Dette startar opp hausten 2015 og har fokus på rehabilitering og velferdsteknologi. Prosjekta er finansiert av tilskot frå Helsedirektoratet og innovasjonsmidlar frå Fylkesmannen i Hordaland. Sengeavdelinga har over tid vore sårbar med ein person på vakt om natta. Rådmannen føreslår å auke bemanninga til to personar, som utgjør ein auke på to årsverk.

### 5.5.6 Heimebaserte tenester

Ombygging av det tidlegare legesenteret i Myro og flytting av PPT frå SKE-bygget i sentrum, vil føra til at dei heimebaserte tenestene kan samlokaliseras. Dette har vore ei viktig målsetting for å få meir effektive tenester. Det er lagt inn 4,1 mill. kr. til ombygging i Myro, jf. avsnittet om arealeffektivisering.

I tillegg til ordinær drift har heimebaserte tenester ansvar for å drifta tilbodet til dei åtte som bur i det nyopna tilbodet i Backertunet, som ligg inne med heilårsverknad frå og med 2016.

Komité for rehabilitering, helse og omsorg vedtok i 2015 å oppretta eit nytt dagtilbod til eldre med funksjonssvikt til ein kostnad av kr. 0,4 mill. Rådmannen finn ikkje rom for å finansiere dette i 2016.

Stilling som kreftkoordinator er vidareført i samarbeid med Kreftforeininga. Kreftkoordinator er eit lågterskeltilbod med målsetting om å støtta pasientar og pårørande i heile sjukdomsløpet. Godt samarbeid og koordinering rundt kreftpasientar gir betre og lengre tid heima, og dermed samfunnsøkonomisk gevinst.

### 5.5.7 Kundetorget

Eininga har effektivisert rutinar, forenkla malar og endra organiseringa av arbeidet, men har likevel lang restanseliste i høve lovpålagde vedtak. Dette må arbeidast vidare med i 2015. Eit av tiltaka er digitalisering av pasientarkiv og det ligg inne kr 0,75 mill. til dette føremålet. I budsjettforslaget ligg det inne forslag om å redusere ytre Kundetorg med eit årsverk. Konsekvensane av dette er ikkje ferdig utgreidd, men ein vil måtte løyse utfordringane med å omfordele arbeidsoppgåver og redusere internsersivise.

### 5.5.8 Bustader for personar med særskilte behov

Overordna bustadgruppe har vurdert bustadbehov for vanskelegstilte og funksjonshemma innbyggjarar i perioden 2015-2018. Med utgangspunkt i det har ein lagt fram følgjande forslag:

- Utleigebustader, nybygg og rehabilitering, er finansiert med kr. 26 mill. i økonomiplanen.
- Bufellesskap for fem-seks ungdommar med behov for oppfølging. Bustadane er planlagt ferdige i 2017 og har ein samla investeringskostnad på om lag kr. 18,0 mill. Årleg driftskostnader er estimert til kr. 7,6 mill.
- Ei relativ enkel ombygging i bygningskomplekset Åkervikåsen vil medføre at ein kan flytta eksisterande heildøgnsstilbod (HDO) frå Longamyrvegen, opprette eit nytt HDO-tilbod og to overgangsbustader ved Åkervikåsen. Eit husvære kan i tillegg nyttast til personalbase. Tiltaket vil medføre ein større fleksibilitet i tenestetilbodet og meir effektiv utnytting av personellressursane. Investeringskostnader er på kr. 400 000.

Med unntak av kostnader til forskotering er det planen at dei fleste bustader skal vera fullfinansierte gjennom tilskot frå staten, mva kompensasjon og husleigeinntekter.

### 5.5.9 Legetenesta

Tenesta er vidareført på 2015-nivå. Stord kommune har vedteke å kunna inngå avtalar med fastlegar som næringsdrivande med opning for utjamningstilskot dei første to til tre åra inntil pasientgrunnlaget er sikra. Det er gjort bruk av formidlingsbyrå for å rekruttera inn vikarar for fastlegar ved avvikling og permisjonar. Det medfører auka kostnader for kommunen som er vanskelege å føreseia. To av legesentera er flytta til nye lokale og fordelinga av legane er noko endra. Tilbakemeldingar tyder på at dette har gitt betre driftstilhøve og stort sett vore vellukka for personellet og pasientane.

Den nye interkommunale legevaktordninga har gitt ei betre kvalitet i dagleg akuttberedskap. Det er m.a. auka sjukepleiarbemanning i deler av døgeret og bakvaktordning for legane i helgane og høgtidsdagar.

### 5.5.10 Interkommunale akutte døgnseger

Stord kommunestyre vedtok i PS 31/15 at interkommunal legevakt og ny avdeling for kommunale akuttdøgnseger (KAD) skal samlast i eit nytt bygg ved Stord sjukehus. Sunnhordland interkommunale legevakt IKS skal stå for drift av eininga når nybygget er ferdigstilt, mest sannsynleg mot slutten av 2016. Det er sett av kr. 850 000 til drift i 2016, mens årskostnad er om lag kr. 7,6 mill.



## 5.6 KOMMUNALE FØRETAK

Kommunestyret vedtek føretaka sine økonomiplanar og budsjett, inklusive investeringar, betalingsattsar og avgifter. Kommunestyret vedtek nettoramme drift for Stord vatn og avlaup KF spesifisert etter ansvar og tenesteområde. For Stord kommunale eige-dom KF fastset kommunestyret internhusleige og vedtek overføringa til Stord kommune til dekning av kalkulatorisk rente og avdrag, samt overføring til grøntavdelinga spesifisert etter ansvar og tenesteområde.

Etter at kommunestyret har vedteke budsjettet skal styret for føretaket utarbeida eit spesifisert budsjett som skal sendast fylkesmannen i samsvar med retningslinene i § 2 i Forskrift om særbudsjett, særrekneskap og årsmelding for kommunale føretak.

Styret for føretaket har mynde til å omdisponera midlar mellom budsjettformål og/eller prosjekt innanfor føretaket sine budsjetttrammer. Omdisponeringar skal leggast fram som meldingssak til kommunestyret. Slike omdisponeringar skal likevel ikkje vera i strid med økonomireglementet om avgrensingar og føresetnader knytt til fullmakter, dvs. at endringane ikkje skal vera i konflikt med mål og prioriteringar i årsbudsjettet eller andre politiske vedtak. Føretaka sine budsjettframlegg følgjer som vedlegg til kommunebudsjettet.

### 5.6.1 Stord kommunale eige-dom KF (SKE KF)

Det kommunale føretaket fastset ei internhusleiga som skal reflektera kostnaden ved arealbruk. Internhusleiga skal også dekkja føretaket sine drifts-, kapital-, og vedlikehaldskostnader. Føretaket legg i sitt budsjettframlegg opp til ein husleigeauke i 2016 i overkant av 3,4 mill. kr, eller 6,5 prosent.

Rådmannen gjer framlegg om at overføringa til Ske KF vert auka med 2,9 prosent i høve til 2015, som er noko i overkant av venta løns- og prisvekst. Det er lagt inn tilsvarande husleigeauke på bygg eigde av Stord kommunale eige-dom AS. I tillegg kjem reduserte utgifter til rekneskap-, løn- og personalavdelinga som følgje av at føretaket ikkje lenger har ansvaret for reinhaldstenestene. Leiande reinhaldar sin stillingsressurs er redusert med 10 prosent til 40 prosent. Overføringa til kommunen skal dekke kalkulatoriske renter og avdrag og er redusert med 1,210 mill. kr. i høve til 2015 med bakgrunn i det låge rentenivået. Føretaket si netto ramme er etter dette styrka med kr. 3 024 628 i høve til 2015. Endringa

i husleige tek òg høgde for redusert areal. I tillegg kjem auka husleige for bustader til marknadsnivå, jf. kommunestyrevedtak PS 88/13. Dette utgjer om lag 1,1 mill. kr.

Budsjettforslaget følgjer opp kommunestyret sitt vedtak om auka løyving til verdibevarande vedlikehald (kommunestyresak 66/14), og har justert den opptil kr. 405 000. Rådmannen gjer vidare framlegg om at regjeringa sin særskilte tiltakspakke for auka sysselsetting, kr. 96 per innbyggjar, om lag 1,8 mill. kr, vert overført Ske KF og nytta til vedlikehald og rehabilitering av skular, sjukeheimar og omsorgsbustader. Dette kjem i tillegg til dei andre løyvingane til føretaket. Stord kommunale føretak KF får etter dette ei auka ramme på 3,0 mill. kr. eller 15,1 prosent, der tiltakspakka utgjer 9 prosent.

Det er i samsvar med økonomiplanen lagt opp til investering i enøk, innemiljø, brannsikring og HMS-tiltak på kommunale bygg med til saman kr 7,5 mill.

BUDSJETT SKE KF	2015	2016	Endring
Internhusleige	52 570 626	52 547 618	-23 008
Overføring frå kommunen, park/grønt	3 915 660	4 021 383	105 723
Overføring frå kommunen, leiande reinhaldar (redusert stilling)	411 100	338 170	-72 930
Overføring frå kommunen, auka verdibevarande vedlikehald	394 400	2 205 048	1 810 648
Overføring til kommunen (kapitalkostnader)	37 100 000	35 890 000	1 210 000
Overføring til kommunen, løn og rekneskap	193 500	199 305	-5 805
<b>Netto ramme</b>	<b>19 998 286</b>	<b>23 022 719</b>	<b>3 024 628</b>

### 5.6.2 Stord vatn og avlaup KF (SVA KF)

Investeringane innanfor dei gebyrfinansierte tenestene, vassforsyning og avlaup, er i stor grad tufta på tiltaksprogrammet i hovudplan for vassforsyning og hovudplan for avlaup. Tiltak i desse planane er styrande for prioritert utbygging av vatn og avlaupsanlegg i Stord kommune, og er viktige styringsdokument for samfunnsutviklinga i kommunen. Kommunedelplanane for vassforsyning og avløp er vart slutthandsama i kommunestyret i februar 2015.

I investeringsbudsjettet er det sett av ei ramme for kvart område for gjennomføring av samarbeidsprosjekt med lokale utbyggjarar i kommunen og andre aktørar som til dømes Statens Vegvesen og SKL. Samarbeidsprosjekta er rasjonelle og kostnadsreducerande prosessar som gir positiv effekt for dei involverte.

Våren 2014 fatta Stord kommunestyre vedtak om at Sva KF skal ha driftsansvaret for overvassleidningsanlegg i kommunen, og at drift og vedlikehald av overvassleidningar skal gebyrfinansierast av kloakkabonntane. I løpet av 2016 vert omfanget av kva driftsansvaret skal omfatte klarlagt. Sva KF vil starte arbeidet med utarbeiding av kommunedelplan for overvatn i 2016. Rehabilitering av røyr og leidningar utgjer ein vesentleg del av investeringsvolumet i perioden 2016-2019. Tiltak for å redusera overløpsutslett er også ressurskrevjande når det gjeld drift og vedlikehald, og investeringar. Det er ikkje lagt opp til å auka avgiftene i 2016.

EIGEDOMSGEBYR 2016 (EKS MVA)		2015	2016	Endring
Vassavgift	Årsavgift vanleg bustad	3 583	3 583	0
	Tilknytingsavgift	15 000	15 000	0
Avløpsavgift	Årsavgift vanleg bustad	3 739	3 739	0
	Tilknytingsavgift	15 000	15 000	0
Renovasjon	Standard løysing SIM	1 902	1 902	0

Rådmannen gjer framlegg om at kommunestyret vedtek budsjettframlegget frå Stord vatn og avlaup KF slik det ligg føre.



# 6. Finans, avgifter, betalingsssatsar

6.1 Gebyr og betalingsssatsar .....	52
6.2 Finansinntekter og -utgifter, lånegjeld .....	52

# 6. Finans, avgifter, betalingsattsar

## 6.1 GEBYR OG BETALINGSSATSAR

Dei kommunale vatn, avlaup og renovasjonsavgiftene vert fremja av det kommunale føretaket Stord vatn og avlaup KF, jf. avsnitt 5.6.2 over.

Budsjettforslaget har innarbeida ein avgiftsauke på 8,7 prosent på gebyr for feiing og branntilsyn. Dette for å dekke inn tidlegare underskot innanfor området. Torgavgifta er forslått auka med om lag 5 prosent. Forslag til gebyrregulativ følgjer som vedlegg til budsjettframlegget, men skal handsamast i komiteane i medhald av kommunen sitt økonomireglement.

## 6.2 FINANSINTEKTER OG -UTGIFTER, LÅNEGJELD

Kommunen si samla lånegjeld eksklusiv startlån vil ved utgangen av 2015 vera på kr. 1 393 mill. Stord hamn sin del av gjelda er kr. 14,5 mill. Kommunen har vidareutlånt startlån for kr. 122 mill.

Minimumsavdrag er rekna ut etter føresegna i kommunelova § 50 nr. 7. Det er lagt til grunn minimumsavdrag for heile planperioden.

FORESLÅTT LÅNEOPPTAK I PERIODEN (1000 KR)	2016	2017	2018	2019
Startlån	30 000	30 000	30 000	30 000
Avgiftsfinansierte låneopptak	150 300	139 700	153 700	153 300
Andre lån	151 991	104 186	38 916	42 348
<b>Sum låneopptak</b>	<b>332 291</b>	<b>273 886</b>	<b>222 616</b>	<b>225 648</b>

LÅNEGJELD PER 31.12 (MILL. KR)	2015	2016	2017	2018	2019
Total lånegjeld	1 393	1 536	1 813	2 062	2 175
Formidlingslån/startlån	-122	-144	-161	-139	-195
Eigne lån	1 271	1 392	1 652	1 923	1 980
Utlån til Stord Hamnstell	-15	-14	-13	-13	-12
Lån finansiert over VA-området	-441	-521	-649	-774	-881
<b>Sum lån ekskl. VA og hamn</b>	<b>815</b>	<b>857</b>	<b>990</b>	<b>1 136</b>	<b>1 111</b>

BEREKNA RENTER OG AVDRAG (1000 KR)	2016	2017	2018	2019
Renteutgifter	51 570	47 134	52 094	57 353
Avdragsutgifter	37 000	45 700	53 240	58 808
Sum rente og avdrag	88 570	92 834	105 334	116 161
Interne renter og avdrag (sjølvkost)	-35 747	-41 546	-51 302	-60 919
<b>Netto rente og avdrag</b>	<b>52 823</b>	<b>51 289</b>	<b>54 031</b>	<b>55 242</b>

Det er lagt til grunn ei flytande rente på 1,5 prosent i 2016 og fast rente berekna etter dei låneavtalane kommunen har i dag. Vidare i økonomiplanen har ein lagt desse rentene til grunn: 2017: 1,56 prosent, 2018: 1,47 prosent og 2019: 2,04 prosent. Dette er i samsvar med Noregs bank og marknaden sitt rentenivå.

I årsbudsjettet for 2016 er det forventa slik avkastning på kommunen sine midlar:

<b>AKTIVAKLASSE</b>	<b>Kapital 1000 kr</b>	<b>Forventa avkastning i %</b>	<b>Budsjettert uttak avkastning i 1000 kr.</b>
Lån kraftsalsfond/kontantar	15 000	2,9 %	440
Obligasjonar	66 121	2 %	1 322
Aksjar	28 337	7 %	1 984
Andel kraftselskap (SKL)			1 260
Renter av andre plasseringar og utlån			7 375
<b>Sum</b>			<b>12 381</b>

Andre plasseringar er m.a. startlån (ca. 3,1 mill. kr.), lån til Stord hamnstell (ca. 0,48 mill. kr.) renter av bankinnskott/ skattetrekkkonto (ca. 4,456 mill. kr.), og morarenter (ca. 0,6 mill. kr.).

Aksjedelen i porteføljen vart i 2012 teken ned for å redusera risikoen og for å sikra kommunen ein mindre volatil («svingande») og meir føreseieleg avkastning i den komande perioden. I 2015 vart aksjedelen auka til 30

prosent. Dette er det maksimale finansreglementet gjev høve til. Det bør vurderast om ei eventuell meirinntekt vert sett på fond for å møte eventuell mindreavkastning i framtida, og for på denne måten å redusere risikoen. Mot slutten av 2015 kjøper ein seg også opp i SKL med 17,2 mill. kr, noko som reduserer eksponeringa mot finansmarknadane, men gjer avkastning meir følsam for svingingar i straumprisane.

# 7. Tabellar

7.1 Budsjettskjema 1A drift.....	55	7.5 Budsjettskjema 2A investering .....	91
7.2 Hovudoversikt drift.....	59	7.6 Hovudoversikt investering .....	92
7.3 Netto ramme, fordelt einingsvis.....	62	7.7 Spesifikasjon investering, Stord kommune .....	94
7.4.1 Netto ramme, formannskap, per ansvar og teneste .....	64	7.8 Spesifikasjon investering, Stord kommunale eigedom KF .....	101
7.4.2 Netto ramme, OOU-komite, per ansvar og teneste .....	67	7.9 Spesifikasjon investering i Stord vatn og avlaup KF .....	106
7.4.3 Netto ramme, NMK-komite, per ansvar og teneste .....	72	7.10 Samla investeringsramme Stord kommune inkl. føretak .....	104
7.4.4 Netto ramme, RHO-komite, per ansvar og teneste .....	74	7.11 Spesifikasjon låneportefølje .....	118
7.4.5 Budsjett per teneste.....	77	7.12 Oversyn over eigedomar som har fått fritak etter § 7 i eigedomsskattelova.....	122

## 7.1 BUDSJETTSKJEMA 1A DRIFT

### BUDSJETTSKJEMA 1A

	Rekneskap 2014	Opphavleg Budsjett 2015	Revidert Budsj. 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
<b>FRIE DISPONIBLE INNTEKTER</b>							
1 Skatt på inntekt og formue 1)	-450 121 156	-489 325 000	-476 201 000	-512 854 000	-534 459 000	-553 231 000	-568 461 000
2 Ordinært rammetilskot 1)	-411 108 315	-404 371 000	-414 049 000	-417 595 000	-436 088 000	-454 063 000	-467 836 000
3 Skatt på eigedom	-40 725 981	-38 438 200	-39 776 200	-39 776 200	-39 776 200	-39 776 200	-39 776 200
4 Andre direkte eller indirekte skattar	-	-	-	-	-	-	-
5 Andre generelle statstilskot 2)	-20 838 520	-23 528 219	-23 528 219	-34 307 223	-32 201 744	-32 027 489	-31 853 713
<b>6 Sum frie disponible inntekter</b>	<b>-922 793 971</b>	<b>-955 662 419</b>	<b>-953 554 419</b>	<b>-1 004 532 423</b>	<b>-1 042 524 944</b>	<b>-1 079 097 689</b>	<b>-1 107 926 913</b>
<b>FINANSINNEKTER/-UTGIFTER</b>							
7 Renteinntekter og utbytte 3)	-50 352 526	-52 248 652	-51 915 294	-43 661 357	-44 341 536	-49 811 660	-55 917 229
8 Gevinst på finansielle instrument	-	-	-	-	-	-	-
9 Renteutgifter, provisjonar og andre finansut- gifter	53 146 390	56 342 955	53 705 998	51 636 110	47 241 253	52 322 754	57 713 905
10 Tap på finansielle instrument	-	-	-	-	-	-	-
11 Avdrag på lån	33 918 800	36 871 247	36 110 497	37 000 000	45 700 000	53 240 000	58 808 000
<b>12 Netto finansinntekter/-utgifter</b>	<b>36 712 665</b>	<b>40 965 550</b>	<b>37 901 201</b>	<b>44 974 753</b>	<b>48 599 717</b>	<b>55 751 094</b>	<b>60 604 676</b>

## 7.1 BUDSJETTSKJEMA 1A DRIFT

## BUDSJETTSKJEMA 1A

	Rekneskap 2014	Opphavleg Budsjett 2015	Revidert Budsj. 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
<b>AVSETNINGAR OG BRUK AV AVSETNINGAR</b>							
13 Til dekning av tidlegare års rekneskapsmessige meirforbruk 5)	16 290 165	-	-	-	-	-	-
14 Til bundne avsetningar	8 720 716	30 895	30 895	1 285 791	1 309 087	1 332 730	1 356 864
15 Til ubundne avsetningar	-	24 002 327	23 952 327	38 000 000	38 000 000	38 000 000	38 000 000
16 Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindreforbruk	-32 483 374	-37 314 412	-37 314 412	-38 000 000	-38 000 000	-38 000 000	-38 000 000
17 Bruk av ubundne avsetningar	-	-24 000 000	-24 000 000	-38 000 000	-38 000 000	-38 000 000	-38 000 000
18 Bruk av bundne avsetningar 5)	-9 431 997	-4 171 085	-3 742 405	-3 003 894	-1 893 761	-1 943 761	-1 993 761
19 <b>Netto avsetningar</b>	<b>-16 904 489</b>	<b>-41 452 275</b>	<b>-41 073 595</b>	<b>-39 718 103</b>	<b>-38 584 674</b>	<b>-38 611 031</b>	<b>-38 636 897</b>
<b>FORDELING</b>							
20 Overført til investeringsbudsjettet 5)	327 068	24 000 000	25 338 000	38 000 000	38 000 000	38 000 000	38 000 000
21 <b>Til fordeling drift</b>	<b>-902 658 728</b>	<b>-932 149 144</b>	<b>-931 388 813</b>	<b>-961 275 773</b>	<b>-994 509 901</b>	<b>-1 023 957 626</b>	<b>-1 047 959 134</b>
<b>Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)</b>	<b>875 656 338</b>	<b>894 701 033</b>	<b>893 940 702</b>	<b>922 659 922</b>	<b>955 928 693</b>	<b>985 411 165</b>	<b>1 009 447 458</b>
22 <b>Meirforbruk/mindreforbruk = 0</b>	<b>-27 002 391</b>	<b>-37 448 111</b>	<b>-37 448 111</b>	<b>-38 615 851</b>	<b>-38 581 208</b>	<b>-38 546 461</b>	<b>-38 511 676</b>



## 7.1 BUDSJETTSKJEMA 1A DRIFT

1) SKATT OG RAMMEOVERFØRING (mill. kr)	2015 anslag	2016	2017	2018	2019
<b>Sum rammetilskot ekskl. inntekstutjamning</b>	<b>413 917</b>	<b>416 574</b>	<b>435 024</b>	<b>452 962</b>	<b>466 704</b>
Selskapsskatt	0	0	0	0	0
Netto inntekstutjamning	405	1 021	1 064	1 101	1 132
<b>Sum rammetilskot</b>	<b>414 321</b>	<b>417 595</b>	<b>436 088</b>	<b>454 063</b>	<b>467 836</b>
Skatt på inntekt og formue	476 267	512 854	534 459	553 231	568 461
<b>Sum frie inntekter, ramme og ordinær skatt</b>	<b>890 588</b>	<b>930 449</b>	<b>970 547</b>	<b>1 007 294</b>	<b>1 036 297</b>
<b>Avrunda</b>	<b>890 600</b>	<b>930 400</b>	<b>970 500</b>	<b>1 007 300</b>	<b>1 036 300</b>
Eigedomsskatt	39 776	39 776	39 776	39 776	39 776
<b>Sum frie inntekter inkl. eigedomsskatt</b>	<b>930 400</b>	<b>970 225</b>	<b>1 010 323</b>	<b>1 047 070</b>	<b>1 076 073</b>
<i>Endring i dei frie inntektene (%) ekskl. eigedomsskatt</i>	<i>-1,30 %</i>	<i>4,50 %</i>	<i>4,30 %</i>	<i>3,80 %</i>	<i>2,90 %</i>
<i>Endring i dei frie inntektene (%) inkl. eigedomsskatt</i>	<i>3,20 %</i>	<i>4,30 %</i>	<i>4,10 %</i>	<i>3,60 %</i>	<i>2,80 %</i>

2) ANDRE GENERELLE STATSTILSKOT VEDLIKEHALD OG REHABILITERING	2016	2017	2018	2019
Flyktningetilskot	24 646	25 311	25 329	25 347
Statstilskot flyktningemottak	2 119	1 700	1 700	1 700
Statstilskot vedlikehald og rehabilitering	1 800			
Rentekompensasjon skuleanlegg	1 500	1 369	1 238	1 107
Rentekompensasjon skuleanlegg Reform-97	854	493	493	493
Rente- og avdragskompensasjon omsorgsbustader og institusjonsplasser	3 181	3 132	3 083	3 034
Rentekompensasjon kyrkjebygg	207	196	184	172
<b>Sum</b>	<b>34 307</b>	<b>32 201</b>	<b>32 027</b>	<b>31 853</b>

## 7.1 BUDSJETTSKJEMA 1A DRIFT

4) FINANSBUDSJETTET	2016	2017	2018	2019
Berekna utbytte frå SKL	1 260	1 260	1 260	1 260
Intern rente, frå føretak	29 813	31 153	35 550	40 424
Avkastning av kapital ("Kraftsalsfondet")	3 306	3 306	3 306	3 306
Rente av anna bank og andre fordringar	6 116	6 116	6 116	6 116
Renter av kommunale utlån	3 166	2 507	3 580	4 811
<b>Sum renteinntekter</b>	<b>43 661</b>	<b>44 342</b>	<b>49 812</b>	<b>55 917</b>
<b>3) Renteutgifter er berekna utifrå dei faste avtalane kommunen har samt at flytande renter for 2016 er stipulert til 1,56 % i gjennomsnitt. For perioden 2016 -2018 er flytande rente sett til 1,47 %, 1,77 % og 2,04 %. Det er vidare lagt opp til at gjelda vert nedbetalt med minimumsavdrag.</b>	51 636	47 241	52 323	57 714
<b>Sum avdrag</b>	<b>37 000</b>	<b>45 700</b>	<b>53 240</b>	<b>58 808</b>
5) AVSETTINGAR	2016	2017	2018	2019
Avsetting til bunde fond, sjølvkost og RBO	1 286	1 309	1 333	1 357
Bruk av rekrutteringsfond	-400			
Bruk av sjølvkostfond SFO	-139			
Bruk av bundne fond "Godt liv for godt vaksne"	-312			
Bruk av bundne fond forebyggjande heimebesøk	-150			
Bruk av bundne fond, flyktingemottak	-900	-900	-900	-900
Bruk av bunde fond "Springbrettet"	-320	-320	-320	-320
Bruk av bunde fond Stord modellen	-336	-336	-336	-336
Bruk av bunde fond, biblioteket	-5	-5	-5	-5
Bruk av bunde fond, sjølvkost RBO	-282	-332	-382	-432
Bruk av bunde fond næring (sal aksjar S-lab)	-160			
<b>Sum</b>	<b>-1 718</b>	<b>-584</b>	<b>-611</b>	<b>-636</b>

## 7.2 HOVUDOVERSIKT DRIFT

### HOVUDOVERSIKT DRIFT

	Rekneskap 2014	Opphavleg Budsjett 2015	Revidert Budsj. 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
<b>DRIFTSINTEKTER</b>							
Brukarbetalingar	-32 324 083	-32 570 064	-32 464 677	-33 225 819	-33 857 114	-34 500 399	-35 155 904
Andre sals- og leigeinntekter	-33 107 961	-38 273 471	-38 163 094	-38 974 619	-39 508 789	-40 259 458	-41 024 388
Overføringar med krav til motyting	-158 161 194	-147 059 068	-154 342 984	-158 758 637	-162 216 415	-162 879 029	-163 627 746
Rammetilskot frå staten	-411 108 315	-404 371 000	-414 049 000	-417 595 000	-436 088 000	-454 063 000	-467 836 000
Andre statlege tilskot	-20 838 520	-23 528 219	-23 528 219	-34 307 223	-32 201 744	-32 027 489	-31 853 713
Andre overføringar	-594 562	-121 500	-121 500	-243 000	-243 000	-243 000	-243 000
Inntekts- og formueskatt	-450 121 156	-489 325 000	-476 201 000	-512 854 000	-534 459 000	-553 231 000	-568 461 000
Eigedomsskatt	-40 725 981	-38 438 200	-39 776 200	-39 776 200	-39 776 200	-39 776 200	-39 776 200
Andre direkte og indirekte skattar	-	-	-	-	-	-	-
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-1 146 981 772</b>	<b>-1 173 686 522</b>	<b>-1 178 646 674</b>	<b>-1 235 734 498</b>	<b>-1 278 350 262</b>	<b>-1 316 979 575</b>	<b>-1 347 977 951</b>
<b>DRIFTSUTGIFTER</b>							
Lønsutgifter	588 241 546	621 335 595	627 719 107	647 055 329	660 263 733	673 330 270	686 836 055
Sosiale utgifter	160 904 081	177 612 980	170 598 851	177 021 447	180 688 887	184 323 818	188 061 863
Kjøp av varer og tenester som inngår i eigenprod.	84 515 086	86 802 511	88 896 003	94 414 162	96 378 401	97 965 529	100 101 413
Kjøp av varer og tenester erstattar egenprod.	243 765 794	221 753 783	226 586 751	237 687 327	249 325 063	253 923 545	258 609 392
Overføringar	77 741 551	58 567 103	59 661 345	51 314 705	64 160 976	77 616 371	83 763 432
Avskrivningar	12 597 587	-17 091 559	-18 434 573	-	-	-	-
Fordelte utgifter	-19 868 250	-	-	-14 996 018	-15 274 110	-15 557 486	-15 846 247
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>1 147 897 395</b>	<b>1 148 980 413</b>	<b>1 155 027 484</b>	<b>1 192 496 952</b>	<b>1 235 542 950</b>	<b>1 271 602 047</b>	<b>1 301 525 908</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>915 624</b>	<b>-24 706 109</b>	<b>-23 619 190</b>	<b>-43 237 546</b>	<b>-42 807 312</b>	<b>-45 377 528</b>	<b>-46 452 043</b>

## 7.2 HOVUDOVERSIKT DRIFT

## HOVUDOVERSIKT DRIFT

	Rekneskap 2014	Opphavleg Budsjett 2015	Revidert Budsj. 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
<b>EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONER</b>							
<b>Finansinntekter</b>							
Renteinntekter og utbytte	-50 352 526	-52 248 652	-51 915 294	-43 661 357	-44 341 536	-49 811 660	-55 917 229
Gevinst på finansielle instrument				-	-	-	-
Mottekne avdrag på utlån	-35 526 901	-36 365 277	-36 104 527	-38 744 955	-43 898 939	-48 418 996	-52 137 412
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>-85 879 427</b>	<b>-88 613 929</b>	<b>-88 019 821</b>	<b>-82 406 312</b>	<b>-88 240 475</b>	<b>-98 230 656</b>	<b>-108 054 641</b>
<b>Finansutgifter</b>							
Renteutgifter og låneomkostingar	53 146 390	56 342 955	53 705 998	51 636 110	47 241 253	52 322 754	57 713 905
Tap på finansielle instrument				-	-	-	-
Avdrag på lån	33 918 800	36 871 247	36 110 497	37 000 000	45 700 000	53 240 000	58 808 000
Sosial- og næringsutlån	71 230	110 000	110 000	110 000	110 000	110 000	110 000
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>87 136 420</b>	<b>93 324 202</b>	<b>89 926 495</b>	<b>88 746 110</b>	<b>93 051 253</b>	<b>105 672 754</b>	<b>116 631 905</b>
